



DET TEOLOGISKE  
MENIGHETSFAKULTET

# Bekreftande trusopplæring for foreldre med barn frå 0-3 år.

**Astrid Ulvestad Øygard**

**Rettleiar**

Professor Heid Leganger-Krogstad

*Masteroppgåva er gjennomført som ledd i utdanninga ved*

*Det teologiske Menighetsfakultet og er godkjent som del av denne utdanninga.*

Det teologiske menighetsfakultet, Hausten 2015

AVH5040- Masteravhandling (30ECTS)]

Master i Kyrkjeleg Undervisning

## **Forord**

Eg har jobba med trusopplæring i mange år, både før og etter innføring av trusopplæringsreforma. Då eg skulle til å skrive ei masteroppgåve i kyrkjeleg undervisning, ville eg skrive om noko som verkeleg engasjerer meg. Eg valte då å skrive om bekreftande trusopplæring for foreldre til barn frå 0-3 år. I kyrkjelydane eg arbeider i har vi eit opplegg for denne aldersgruppa som vi kallar Minifest. Her blir alle døypte barn i dei aktuelle aldersgruppene, foreldre, fadrar, besteforeldre og eventuelle søsken inviterte. Programmet er enkelt (sjå vedlegg), med program for barna og informasjon og anbefalingar av materiell til dei vaksne til bruk i heimen. Gjennom desse samlingane ønsker vi å bekrefte foreldra som trusopplærarar for barna sine. Men vi har hatt lita oppslutning om desse samlingane, og det triggja meg til finne ut meir om denne tematikken. Eg er ikkje i tvil om at dette er eit viktig satsingsfelt for kyrkja, då kyrkja er avhengig av at foreldra til dei døypte barna blir bevisste på det ansvaret dei har for trusopplæringa. Det har vore ei glede å arbeide med denne tematikken, eg har lært mykje og fått ny innsikt som eg tek med meg vidare i arbeidet mitt. Oppgåva er plassert innan fagområda religionspedagogikk og kyrkjeleg undervisning.

Stor takk til rettleiar professor Heid Leganger-Krogstad som var villig til «gå denne vegen» saman med meg. Ho har teikna landskapet, peika på mogelegheitene, gitt konkrete råd og oppmuntring! Takk til alle andre som har hatt tru på at eg kunne gjennomføre dette, og takk til arbeidsgjevar Haram kyrkjelege fellelråd som har støtta meg økonomisk og med nødvendige permisjonar. Takk også til døtrene mine (og svigerson!) for losji, mat, oppmuntring, støtte i heile prosessen, korrekturlesing og gode innspel. Stor takk til min kjære mann for støtte, oppbakking, tolmod og vilje til unntakstilstand i heimen!!

## Innholdsliste:

Forord	.....	s 1
Innholdsliste	.....	s 2
<b>1. Innleiing</b>	.....	s 4
1.1 Problemstilling	.....	s 5
1.2 Forskingsoversikt	.....	s 7
1.3 Trusopplæring	.....	s 9
1.4 Avgrensing av oppgåva	.....	s 10
1.5 Kontekst	.....	s 11
1.6 Struktur på oppgåva	.....	s 12
<b>2. Metode</b>	.....	s 12
2.1 Hermeneutisk metode	.....	s 12
2.2 Kvalitativ metode	.....	s 13
2.3 Utveljing av informantar	.....	s 13
2.4 Kvalitativt intervju	.....	s 14
2.5 Intervjusituasjonen	.....	s 14
2.6 Ethiske vurderingar	.....	s 15
2.7 Validitet og reliabilitet	.....	s 15
<b>3. Teoribakgrunn</b>	.....	s 16
3.1 Småbarnsforeldre og den religiøse oppsedinga under nye føresetnader	.....	s 16
3.1.1 Nye livsløp og livsfasar	.....	s 16
3.1.2 Religiøsitet i eit sekularisert samfunn	.....	s 18
3.1.3 Dåpssamtalen og dåp	.....	s 21
3.1.4 Kristen oppseding	.....	s 23
3.1.5 Foreldra si rolle i kristen oppseding	.....	s 24
3.1.6 Foreldra sine støttespelarar	.....	s 26
3.1.6.1 Fadrar	.....	s 27
3.1.6.2 Besteforeldre	.....	s 28
3.1.6.3 Barnehagen	.....	s 29

3.1.6.4 Kyrkja	.....s 30
3.2 Tilknytningsteori	.....s 32
3.2.1 Kva er tilknytningsteori?	.....s 32
3.2.2 Tilknytningsteori og det åndelege	.....s 33
3.3 Nettverksteori- økologisk utviklingsteori	.....s 34
3.4 Familiepedagogikk	.....s 36
<b>4. Analyse og drøfting</b>	.....s 38
4.1 Presentasjon av informantane	.....s 39
4.2 Korleis er det å vere småbarnsforeldre i dagens Norge?	
Kva er dei største utfordringane desse foreldra har?	.....s 39
4.3 Kva verdiar, grenser og vaner er dei viktigaste foreldre ønsker å gi barnet sitt?	.....s 41
4.4 Kvifor vel foreldre å døype barnet sitt?	.....s 45
4.5 Korleis ser foreldre på dåpsløftet?	.....s 48
4.5.1 Foreldra	.....s 48
4.5.2 Fadrane	.....s 52
4.5 Korleis forstår vi i dag dåpsforpliktinga/kristen oppseding?	.....s 54
<b>5. Oppsummering, konklusjon og utblikk</b>	.....s 56
<b>Etterord</b>	.....s 60
<b>Litteraturliste</b>	.....s 61
<b>Vedlegg 1 Intervjuguide</b>	.....s 64
<b>Vedlegg 2 Godkjenning frå SND</b>	.....s 66
<b>Vedlegg 3 Brev til informantar</b>	.....s 68
<b>Vedlegg 4 Program Minifest</b>	.....s 69

## Kapittel 1. Innleiing

Kyrkjerådet har sett fokus på dåpen og dåpsløftet gjennom heftet *Dåpsløftet*, som dei gav ut våren 2015. Bakgrunnen for fokuset er nedgangen i dåpstala i Den norske kyrkja (Dnk/kyrkja), og heftet er positivt vinkla og gir idèar og inspirasjon i samband med dåp. Kyrkja treng kanskje å arbeide på nye måtar for å nå dagens foreldregenerasjon? Foreldregruppa har også blitt sentral i den nye trusopplæringsplanen, «Gud gir-vi deler», som vart vedtatt på Kyrkjemøtet til Dnk i november 2009. Dnk hadde då vore gjennom fleire år med trusopplæringsprosjekt etter at trusopplæringsreforma vart vedtatt i Stortinget 27.mai 2003 og sett i verk i 2004. (St.meld.7: 2002-2003). Reforma har utvida kyrkja si opplæring og målet er å gi eit breitt og systematisk tilbod til alle døypte frå 0-18 år. Frå 2004 – 2014 har ein gradvis innført reforma i alle kyrkjelydane i landet.

I planen står det at «*trusopplæringa må vere inkluderande, stadeigen og lagd til rette slik at alle kan ta del. Då kan vi fungere som eit så talrikt og mangfelt fellesskap som det faktisk er.*» (Gud gir –vi deler 2010: 7) Vidare heiter det:

*Gjennom å tolke dei viktige sidene i livet, året og kyrkja i lys av den trua vi er døypte til, held vi trua og livet saman. Dei personane som står nærast barna og dei unge og utgjer kvardagsmiljøet deira i heimen, har ein grunnleggjande funksjon å legge til rette for dei – for vekst, utvikling, oppseding og læring. Slik står foreldre/føresette, fadrar, frivillige og tilsette i kyrkjelyden saman om trusopplæringa (Gud gir-vi deler 2010:7).*

Dei første leveåra er barna svært avhengige av sine næraste, og først og fremst foreldra. Det er såleis foreldra som har best og mest mogelegheit til å følgje opp dåpen og dåpsløftet. Det er dei som gir rammer, omsorg, formidlar verdiar og filtrerer kva barna skal bli påverka av. Spesielt i dei 3 første leveåra er foreldra dei viktigaste personane. I trusopplæringsplanen står det at fokus for aldersgruppa 0-5 år er;

*«å bygge kontakt og samarbeid med heimen om å etablere ritual for kvardagane, høgtidsmarkeringar og livsritar. Skape fellesskap for barn og familiar i kyrkjelyden og lokalmiljøet. Utvikle gudstenester som barna/familiane kjenner seg heime i. Styrke tilhørsla til kyrkja»(Gud gir-vi deler 2010:19).*

## 1.1 Problemstilling

Vi veit at mykje av grunnlaget for at barna skal bli trygge både på seg sjølv, andre menneske og omgjevnadane, blir lagt dei første leveåra. Eg trur det er viktig at dåpen og trua blir ein del av dette. Barn som er døypte har rett til å vekse opp i trua på Gud, så dei kan «leva og veksa i den kristne trua» (Gudstenesteboka 2011:3.11). Difor set denne oppgåva fokus på foreldre til barn i aldersgruppa 0-3 år, då foreldra er dei som best kan trygge barna i deira forhold til Gud. Kyrkja kan bekrefte og støtte foreldra. Spørsmålet er korleis ein kan gjere dette, og på kva måtar foreldra ønsker at dette skal skje. Eg ønsker å utforske om foreldra vert bekrefta som trusopplærarar, og kva rolle kyrkja spelar i myndiggjeringa av foreldra i denne rolla. Samfunnet er i endring og kyrkja har endra seg. Dagens foreldre har mange utfordringar då tida vi lever i endrar seg raskt og vi blir utsette for mykje påverknad frå mange kantar. Mange kjenner på tidspresset og krav om å «følgje med i tida», ikkje minst småbarnsforeldre. For kyrkja er det viktig at barna som høyrer til der, skal kjenne seg heime og vere trygge der. Difor er det viktig at kyrkja og foreldra spelar på lag. Dette trur eg er nødvendig om trua skal bli ein del av barnet sin kvardag.

Emnet eg har valt å arbeide med er bekreftande trusopplæring for foreldre til barn i aldersgruppa 0-3 år. For at kyrkja skal vere foreldrebekreftande, er det viktig å få vite meir om foreldregruppa og haldninga deira til dåp og trusopplæring. Det er også nødvendig å setje seg inn i korleis samfunnet i dag fungerer, difor har eg i oppgåva tatt med aktuell teori om samfunnet i dag. Eg ser også på barns utvikling og behov, ulike undersøkingar gjort i Norge og Sverige og har eit empirisk tilfang av ei kvalitativ undersøking blant foreldre til barn i den aktuelle aldersgruppa. Det er gjort ein god del forskning dei siste åra innanfor dette feltet. Oppgåva legg difor mest vekt på teori og empiriske forskingsresultat frå undersøkingar gjort i Norge. Dette analyserer, drøfter og samanliknar eg med resultatet frå undersøkinga eg gjorde blant foreldre i Vatne sokn.

Mitt primære forskingsspørsmål er;

Kva inneber bekreftande trusopplæring for foreldre med barn frå 0-3 år?

For å få belyst dette har eg stilt desse delspørsmåla;

- Korleis er det å vere småbarnsforeldre i dagens Norge? Kva er dei største utfordringane desse foreldra har?
- Kva verdiar, grenser og vaner er dei viktigaste småbarnsforeldre ønsker å formidle til barnet sitt?

- Kvifor vel foreldre å døype barnet sitt?
- Korleis ser foreldre på dåpsløftet?
- Korleis forstår vi dåpsforpliktinga/kristen oppseding i dag?

## 1.2. Forskingsoversikt

Det er fleire forskarar som dei seinare åra har hatt fokus på forholdet dåp, dåpssamtale, foreldre og kyrkje. For å finne eigna litteratur til emnet mitt, brukte eg Oria søkemotor og søkte på emna *familiepedagogikk, småbarnsforeldre i dag og kristen oppseding*. I tillegg har eg leitt i litteraturlistene i relevante bøker og masteroppgåver. Eg vil her ta med noko av forskinga som er mest relevant for denne oppgåva:

I år 2000 gjorde Institutt for kyrkje-, religions- og livssynsforskning (KIFO) ei stor undersøking mellom eit tilfeldig utval av medlemmar av Dnk. Dei ville sjå nærare på erfaringane kyrkja sine medlemmar har med kyrkja. Dei valte å ha fokus på dei seremoniane som har størst oppslutnad; dåp, konfirmasjon og bryllaup (Høeg m.fl.: 2000). Rapporten har eit breitt interessefelt, og dåp og dåpsopplæring var gitt god plass i spørjeskjemaet. Heile 93% av informantane hadde døypt barna sine. Grunngevingane for kvifor dei har døypt barna sine er interessant med tanke på denne oppgåva. Eg vil samanlikne funn i denne undersøkinga med andre sine undersøkingar og den eg sjølv gjorde i Vatne kyrkjelyd. *Ida Marie Høeg* har analysert funn i Folkekirkeundersøkelsen 2000 og har i tillegg gjort intervju med 4 foreldrepar i samband med barnedåp i Dnk. Høeg arbeidar innan fagfeltet religionssosiologi m.m. i Kifo og har kristendomsfagleg bakgrunn. Funna hennar samsvarar med funna i KIFO-rapporten og med funn som Eva Reimers har gjort i Sverige. Reimers har intervjuet 34 foreldrepar om dåpen og betydinga av den (Reimers:1995). Eg kjem tilbake til funna deira i seinare kapittel. I resten av oppgåva brukast nemninga *Medlemsundersøkelsen* om denne Folkekirkeundersøkelsen 2000.

På starten av 2000-talet leia *Rune Øystese*, høgskulelektor på Norsk Lærer Akademi (NLA), prosjektet «Dåpsopplæring i heim og familie» i Bjørgvin bispedømme (Øystese: 2004). Øystese har bakgrunn som kateket og er no fagansvarleg for kyrkjelydspedagogikk-utdanninga ved NLA. Han undersøkte korleis foreldra forstår dåpsopplæringa og kyrkja sitt forhold til foreldregruppa. Målsettinga for dette prosjektet var «å finne arbeidsmetoder som bedrer samarbeidet mellom heimmene og den lokale menigheten slik at dåpsopplæringa kan styrkes.» (Øystese 2004:11) Øystese har gjort ei kvantitativ undersøking der han sett søkelys

på dei haldningane foreldre har til dåpen og oppfølging av denne. Funna i undersøkinga seier at eit fleirtal av dei som døyper barna sine til ein viss grad kjenner seg forplikta til å gi barnet ei kristen oppseding. Det er store variasjonar mellom foreldra på kva dei meiner forpliktinga inneber, men dei fleste set det ikkje i samanheng med kyrkja og deira tiltak. Undersøkinga viser også at foreldre som seier at dåpen ikkje forpliktar dei, ikkje nødvendigvis ønsker ei oppseding utan kristent innhald. Nesten 30% av desse foreldra fortel at dei håper at barna skal gå på søndagsskule, og over 60% håper at barna skal få lære om den kristne trua på skulen (Øystese 2004:46). Av andre resultat som er interessante for denne oppgåva, så opplever nesten 90% av foreldra at kyrkja har rimeleg tillit til dei som trusopplærarar for eigne barn, sjølv om mange er usikre på om dei klarer å gi barna ei kristen oppseding. Svara frå foreldra kan tyde på at ein ganske stor del av foreldregruppa er usikre på kva som vert forventa av ei kristen oppseding (Øystese 2004:48). Fleire funn frå denne undersøkinga vil eg dra inn i denne oppgåva. Han deler foreldra inn i fire grupper; Kristen 1:Jeg er kristen og jeg deler kirkens tro, Kristen 2:Jeg er kristen, men ikke slik kirken lærer, Jeg er usikker på om jeg kan kalle meg kristen og Jeg regner meg ikke som kristen (ibid:81). Eg kjem tilbake til nokre av funna til Øystese under pkt.3.1.3 om dåpsamtalen og dåp. I resten av oppgåva brukast *Foreldreundersøkelsen* om denne undersøkinga. Både Medlemsundersøkelsen og Foreldreundersøkelsen gir mange og relevante innspel til denne oppgåva.

Det er også relevant å samanlikne resultatane mine med rapporten som *Ida Marie Høeg og Irene Tysnes* (religionssosiologar) har laga, ein rapport med tittel «Menighetens samvirke med hjemmet». Dette er ein delrapport under eit treårig evalueringsoppdrag om Trusopplæringsreforma i Dnk. Denne rapporten set søkelyset på kyrkjelydane sitt samvirke med heimane i arbeidet med trusopplæring i Dnk (Høeg og Tysnes: 2012). Dei samanfattar samvirket mellom heim og kyrkjelyd gjennom fire ulike former for samhandling; eit måltidssamarbeid, eit utdelingssamarbeid, eit rituelt samarbeid og eit tradisjons- og verdissamarbeid. Mange foreldre som går sjeldan i kyrkja har peika på at kyrkja har endra seg. Gjennom trusopplæringsreforma som har fokus på læring gjennom oppleving, deltaking og medverknad, får barna utfalde seg og ta del, og foreldra erfarer at kyrkja involverer både barna og dei sjølve på ein ny måte. Rapporten til Høeg og Tysnes viser også at foreldra har positive erfaringar og gode opplevingar knytt til estetiske praksisar og symbolhandlingar i kyrkja. Foreldra er opptatt av kristen verdiformidling til barna som nestekjærleik, tilgjeving og Guds omsorg. Teologisk innhald og religiøs tru legg fleirtalet lite vekt på. Men dei vil



gjærne ha kyrkja som medhjelpar eller støttespelar i formidlinga av verdiar og tryggleik. Kyrkja blir også sett på som ein viktig tradisjonsberar (Høeg og Tysnes 2012:93-96).

Fokuset for *Erling Birkedal*, prosjektleiar ved Det teologiske Menighetsfakultet (MF), i *Læringsmiljø og deltaking*, har vore læringsmiljøet i kyrkjelyden (Birkedal 2006). Fagfeltet er innan religionspedagogikk, religionsbestemt oppseding. Han ser på relasjonen mellom kyrkjelyden sine leiarar og frivillige medarbeidarar på den eine sida, og dåpsforeldre på den andre sida. Birkedal ser på kva som kjenneteiknar kyrkjelydar som lykkast med å engasjere i breidda, og korleis relasjonane er mellom kyrkja sine leiarar og foreldre på stadar der foreldre opplever tillit. Dette er interessant for tematikken i mi oppgåve. Funna i hans undersøkingar viser at der ikkje er noko eintydig bilde av kva foreldra forventar av kyrkja for dei døypte barna sine. For enkelte har forventinga om at det skal skje noko for barnet i ein bestemt alder positiv innverknad på deltakinga. Birkedal forstår foreldra slik at dei ikkje ønsker å bli styrt inn i ei arbeidsform dei ikkje opplever seg trygge på, dei ønsker å bli sett og møtt med ei open og lyttande haldning. Foreldra set pris på at kyrkja viser omsyn og fleksibilitet, og funna viser at det er avgjerande viktig for foreldra at barna opplever tryggleik og omsorg i eit positivt miljø (Birkedal 2006:38- 41). Desse funna gir viktige perspektiv for denne oppgåva.

*Velaug Gjesdal* har skrivt ei masteroppgåve i kyrkjeleg undervisning om kvifor og korleis Dnk bør samarbeide med familien i opplæringa av den døypte (Gjesdal: 2007). Ho tek opp mange av dei same problemstillingane som denne oppgåva tek opp ved bruk av hermeneutisk metode for å belyse tema; « *'Sammen med denne menighet'. Familien i Den norske kirkes dåpsopplæring* ». Konklusjonen hennar er at for å få til eit godt samarbeid mellom foreldre og kyrkje, må ei haldningsendring til både for kyrkja sine arbeidarar og foreldra. Initiativet til samarbeidet må kome frå kyrkja og den må vere tydeleg på forventingane til foreldra, og også på kva dei kan forvente av kyrkja. Ho seier også at dersom trusopplæringa skal vere kontinuerleg må foreldra bli utrusta til å ta hovudansvaret for denne. Gjesdal utfordrar kyrkja til å starte familiepedagogiske tiltak som gjer foreldra i stand til å gjennomføre trusopplæringa i heimen, og seier at kyrkja sine tiltak blir supplement til dette. Med denne oppgåva gir ho meg godt innsyn i noko av forskningsspørsmålet mitt. Utfordringa mi er å ta dette vidare for å belyse kva slags familiepedagogiske tiltak som kan vere foreldrebekeftande.

Dei to amerikanske forskarane, *David W. Anderson* og *Paul Hill*, arbeider ut frå forståinga av at barn oppsedaast til tru og liv gjennom nære og tillitsfulle relasjonar, først og fremst av foreldra. Anderson er prest og leiar for arbeidet med fornying av heim og kyrkjelyd ved The

Youth and Family Institute i Minnesota, også Paul Hill er prest og underviser ved Luther Seminary. Dei meiner at det som skjer i heimen, i kvardagslivet, er avgjerande for barna og dei unge sitt trusliv, og at den beste trusopplæringa skjer når heim og kyrkjelyd bidreg i fellesskap. Ein måte å nærme seg tematikken på som har ført til nye impulsar både i USA og her i Norge (Anderson og Hill 2007: 5-9). Anderson og Hill er på linje med Gjesdal om at trusopplæringa i heimen er avgjerande, eit viktig perspektiv å ta med.

Eg har her presentert nokre av dei mest aktuelle forskingsarbeida for denne oppgåva. Der er mykje meir som kunne vore aktuelt, men omfanget av oppgåva gir ikkje rom for det. Eg går no over til å gjere greie for kva vi legg i omgrepet *trusopplæring* og *dåpsløftet*, før eg går over til kapittel 2 om metode.

### 1.3 Trusopplæring

Fram til trusopplæringsreforma kom, vart opplæringa etter dåpen kalla *dåpsopplæring*. Etter dette har omgrepet *dåpsopplæring* blitt erstatta med omgrepet *trusopplæring*. Det har vore ein del diskusjon om bruken av dette omgrepet; kan ein gi nokon opplæring i tru? Er ikkje trua noko vi får som gåve i dåpen? Kyrkja kan legge til rette for at barnet kan få lære om kva trua på Gud inneber og er, men at det berre er Gud sjølv, gjennom sin heilage Ande som kan skape den. Den nye trusopplæringsplanen gjer dette klart i kapittel 2:

*Gjennom dåpen gjer Gud oss til sine barn og til ein del av kyrkja. Berre Gud kan skape og halde ved like trua hos eit menneske. Gjennom Jesu fødsel og dåp, død og oppstode deler Gud livet her og no og håpet om evig liv med oss. Det skjer når Gud talar til oss gjennom Ordet, dåpen og nattverden. Ved Ordet og sakramenta får vi Den heilage ande, som skaper tru kvar og når Gud vil. I kyrkja kan vi dele tru og fellesskap fordi Gud kvar dag er den som deler først. (Gud gir – vi deler 2010:6)*

Eg vil i kapittel 3.1.4 gå nærare inn på omgrepet kristen oppseding, som kan vere med på å avklare litt omkring dette med trusopplæring. Ved å ta inn to perspektiv ved trusopplæringsomgrepet, skapings- og frelseperspektiva (jmf.toregimentslæra), kan ein lettare akseptere omgrepet «trusopplæring». *Skapingsperspektivet* i trusopplæringssamanheng skal hjelpe barnet til å sjå livet sitt under Guds himmel, slik det står i NOU 2000:26:46:

*«Dåpsopplæringen skal hjelpe barnet og den unge til å få en himmel over livet og relasjonene sine. Det skal kunne se seg selv i forhold til Gud, i forhold til medmennesker, i forhold til sitt eget menneskeverd, og i forhold til skaperverket.»*

*Frelseperspektivet* er når ein ser på kyrkjeleg undervisning som eit møte mellom barnet og Jesus, der målet er at barnet skal bli frelst og etablere ein relasjon til Jesus Kristus (Hallen 2006: 44).

I trusopplæringa er utfordringa å finne ein balanse mellom desse to perspektiva slik at dei tilboda barna får, dekker begge perspektiva. Gud bryr seg om menneska og er ikkje interessert berre i den åndeleg delen, men ønsker å bli inkludert i heile livet.

*Dåpsløftet* er det løftet fadrar og foreldre gir ved dåpen. «*Vil de at NN skal døypast i namnet til Fareren, Sonen og Den heilage ande og oppsedast til eit liv i den kristne forsaking og tru?*», er spørsmålet dei får ved døypefonten. Fadrar og foreldre svarar; Ja! Og etter dåpen så seier presten til foreldre og fadrar:

*De er vitne om at desse barna er døypte med den kristne dåpen. Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har de fått del i eit heilagt ansvar: å vise omsorg for dei, be for dei, lære dei sjølv å be og hjelpe dei å bruke Guds ord og delta i den heilage nattverden, så dei kan leve og vekse i den kristne trua!* (Gudstenestebok Dnk 2011:3.10f).

Kyrkjelyden får også ansvar. Til dei heiter det:

*«Kjære kyrkjelyd! Gjennom dåpen set Gud oss inn i si verdsvide kyrkje og gjev oss del i Jesu kall og oppdrag. Lat oss stå saman i vitnemål og teneste, inntil dagen kjem då alt det skapte skal bli forløyst ved vår frelsar, Jesus Kristus!»* (Gudstenestebok Dnk 2011:3.10).

Kyrkjelyden skal stå saman med foreldre og fadrar om oppsedinga i den kristne trua, dei har fått «eit heilagt ansvar». Spørsmål om dette dåpsløftet har eg brukt i undersøkinga mi for å finne ut om foreldre er bevisste kva dei har sagt ja til og kva oppgåver fadrane har tatt på seg.

#### **1.4 Avgrensing av oppgåva**

Fleire av dei som har forska og skrive om dåp, dåpsopplæring og foreldre, har hatt andre fokusgrupper enn meg. Fokus mitt er på foreldregruppa til 0-3 åringar. I kyrkjelyden der undersøkinga i oppgåva har blitt gjort, har dei eit tilbod nettopp til denne aldersgruppa. Dette er eit tilbod ein gong i året der både det døypte barnet, foreldra, besteforeldre, fadrar og søsken blir inviterte. Ein får såleis tilbod tre gongar i løpet av desse åra. Tilbodet vert kalla Minifest. 5 foreldrepar vart intervjuet og ved alle intervjuet var både mor og far til stades.

Gjennom kyrkjeverja i kommunen fekk eg tilgang til oversikt over døypte i soknet, og har valt ut tilfeldige foreldre som representerer 0-3 åringar.

Eg ønskte å kome i kontakt med foreldre som av ulike grunnar hadde døypt barnet sitt, å få vite kvifor dei hadde valt dåp og om dei var innstilt på å følge opp dåpen og dåpsløftet t.d. gjennom kristne ritual som kveldsbøn, bordvers, bibelhistorielesing og gjennom deltaking i kyrkja sine tilbod. Dette skulle vere med å gi innspel til mitt primære spørsmål som er kva bekreftande trusopplæring inneber for foreldre med barn frå 0-3 år. Eg har avgrensa undersøkinga til eitt sokn og til foreldre til barn frå 0-3 år. Dette vert i forskingssamanheng ei svært snever gruppe, men ved hjelp av teori og bruk av andre sine forskingsresultat, trur eg oppgåva kan bidra med konstruktive innspel.

Dei seinare åra har fleire forskarar gitt interessante bidrag om barneteologi, ein teologi som legg vekt på barnet som teologiskapande menneske. Dagny Kaul har vore leiande på dette området (Aasgaard 2008:111f). Denne teologien gir viktige perspektiv til innhald i trusopplæringa, men eg finn ikkje rom for å ta med desse perspektiva i oppgåva.

## **1.5 Kontekst**

Undersøkinga vart gjort i Vatne sokn, som er eit sokn med stor tilflytting. Spesielt i bygda Tennfjord har mange unge familiar og par slått seg ned. Dette er bynært, 20 minutt til Moa(indre bydel av Ålesund) og 35 minutt til sentrum av Ålesund. Soknet høyrer til Haram kommune som er ei kystkommune med mykje skipsindustri og fiskeri. Folketalet i Tennfjord har auka frå 611 i 1974 til 1088 i 2011. Folketalet i bygdene Vatne og Vestrefjord har gått noko ned frå 1225 til 1188 i Vatne, og frå 159 til 119 i Vestrefjord. Soknet har 3 barnehagar der den eine har utvida kristen formålsparagraf, 2 barneskular og 1 ungdomsskule. Bygdene Vatne og Tennfjord har felles idrettslag, felles 17.mai-feiring (sidan 2005) og felles kyrkje. Kyrkja er bygd i 1868,og er såleis ei gamal og tradisjonsrik kyrkje. Mange uttrykkjer sterke band til kyrkja si. I 2014 hadde dei ein dåpsprosent på over 100, 78 fødde og 79 døypte (Årsmelding Haram kyrkjelege fellelråd, 2014 og SSB, mai 2015). Bak desse tala skjuler det seg tal der ein del av dei døypte bor andre stader enn Haram. Nokre bruker heimekyrkja ved slike tradisjonelle hendingar. Likevel kan vi slå fast at ein ikkje har hatt så stor nedgang som mange andre stader i landet. Dette er utfordrande og gledeleg for kyrkjelydane.

## **1.6 Struktur på oppgåva**

Eg har valt å legge mest vekt på teori, då der er mange som i den seinare tid har forska på liknande tematikk. Oppgåva blir såleis først og fremst ei teoretisk oppgåve med tilfang av empiri. Metoddelen har fått plass i kapittel to, medan det tredje kapitlet er eit innhaldsrikt kapittel med hovudoverskrifta teoribakgrunn. Eg ser først på korleis det er å vere småbarnsforeldre i moderne tid og korleis det er å drive religiøs oppseding i dag, der eg gjer bruk av sosiologisk og religionssosiologisk materiale. Fokuset blir deretter på den kristne oppsedinga, og her har eg gitt plass til litt om dåpssamtalen og dåp, kristen oppseding, foreldra si rolle i kristen oppseding og foreldra sine støttespelarar i denne. Deretter gjer eg greie for tilknytningsteorien, økologisk utviklingsteori og familiepedagogikk. I analyse- og drøftingsdelen går eg inn på spørsmåla eg stilte under problemstilling. Den store teoridelen dannar ein solid bakgrunn i denne delen der eg også legg fram dei empiriske resultatata frå undersøkinga i Vatne sokn.

Eg sluttar av oppgåva med oppsummering, konklusjon og eit utblikk.

## **Kapittel 2. Metode**

Sidan dette er ei hermeneutisk oppgåve med empirisk tilfang vil eg kort gjere greie for hermeneutisk metode og deretter kvalitativ metode som eg brukte i empirien. Eg går gjennom korleis eg henta inn materialet til den kvalitative undersøkinga og diskuterer til slutt reliabiliteten og validiteten i undersøkinga.

### **2.1 Hermeneutisk metode**

I store delar av denne oppgåva har eg valt å bruke litterære kjelder som kvantitative undersøkingar og teoriar om det postmoderne/sekulariserte samfunnet. Eg bruker også teoriar om barns utvikling og tilknytning for å belyse forskingsspørsmålet mitt. Metoden i store delar av oppgåva blir såleis hermeneutisk som er ei fortolkingslære eller forståingslære (Krogh 2009). Eg tolkar dei litterære kjeldene og bruker kunnskap frå sosiologien om foreldre, og for å belyse opplæringsomgrepet får eg hjelp frå pedagogikken, med vekt på familiepedagogikken.

## **2.2 Kvalitativ metode**

I tillegg har eg gjort ei undersøking etter kvalitativ metode. Denne metoden valte eg ut frå kva som var målet mitt med oppgåva (jmf.2.1).

Kvalitativ metode gir ein mogelegheit til å få vite mykje om nokre få personar, og det var det eg ville oppnå i mi undersøking (Johannessen m.fl. 2010: 31ff og 364). Eg fekk mogelegheit til å få fram nyanser i meiningar og synspunkt. Informantane bestemmer kva slags informasjon eg får inn, og det eg undersøker blir prega av deira individuelle forståingar og erfaringar. Slik kan ein få fram nyanserte data om eit fenomen. Vi kan seie at kvalitativ metode har høg grad av gyldigheit. Ei kvalitativ undersøking er i utgangspunktet fleksibel. Ein kan endre problemstillinga etter kvart som ein får vite meir og prosessen blir interaktiv.

Kvalitativ metode har også ulike ulemper, den er ressurskrevjande og sidan det ofte blir brukt relativt få informantar, blir det problematisk å generalisere funna. Informasjonen ein får inn er ofte svært kompleks og kan gjere det vanskeleg å strukturere og få oversikt over innhaldet. Det kan òg vere lett å oversjå nyanser og detaljer. Sjølve intervjusituasjonen kan også vere vanskeleg, ein kan få personlege spørsmål som ein syns er vanskeleg å svare på overfor ein framand. (Bryman 2012: 406)

## **2.3 Utveljing av informantar**

Gjennom kyrkjevevja i kommunen fekk eg tilgang til listene over døypte i Vatne sokn. Eg ville helst ha informantar som representerte alle dei aktuelle aldersgruppene (0-3 år). Det første eg gjorde var å sende ut brev til aktuelle foreldre der eg forklarte kvifor eg ønskte å gjere denne undersøkinga. I utgangspunktet valte eg då først foreldre frå kvar gruppe, pluss nokre til. Kriteriet var at dei hadde døypt barnet sitt i Vatne kyrkje og at dei framleis budde i soknet. Utvalet er for så vidt tilfeldig, men valt ut etter bestemte kriterier. Nokre av dei eg sende brev til, fekk eg negativt svar frå då eg seinare tok kontakt på telefon. Andre fekk eg ikkje kontakt med verken på telefon eller ved sms. Eg fekk etter kvart 5 positive svar, intervjuar med desse vart tatt i løpet av 2-3 månader. Eg hadde håpt å få informantar som både hadde eit perifert forhold til kyrkja, og dei som kjende seg knytt til kyrkja. Det viste seg å ikkje stemme. Truleg takka dei i den perifere kategorien nei til å vere med på undersøkinga (dette har eg ikkje mogelegheit til å kontrollere).

Dermed fekk eg ikkje så brei representasjon av informantar som eg ønskte. Som nemnt tidlegare fekk eg samtalar med 5 foreldrepar, der begge foreldra var til stades. Det vart såleis

10 informantar, i alderen frå 25-41 år. Det er få, men tidsaspekt og omfang av oppgåva gav ikkje rom for fleire. Det var ingen av informantane som var åleineforelder, noko som sjølvstøtt svekker representasjonen.

## **2.4 Kvalitativt intervju**

Ein kan gjere kvalitative intervju på fleire ulike måtar; ustrukturert intervju, strukturert intervju og semi-strukturert intervju. Eg valde å gjennomføre undersøkinga med eit semi-strukturert intervju. Eg hadde laga meg ein intervju-guide, som er vanleg i slike intervju. Det er då forskaren som styrer samtalen. Guiden er utforma med utgangspunkt i problemstillinga i prosjektet. (Johannessen m.fl 2010:135 ff)

Sidan det var eit semi-strukturert intervju, opna eg for fleire spørsmål og tema enn dei eg hadde i intervjuguiden. Det var viktig for meg å lytte til kva informantane ønskte å kome med, men eg passa òg på at vi alltid gjekk gjennom dei tema eg hadde førebudd i guiden. Eg opplevde at dei fleste informantane gjerne snakka om både barneoppseding, dåp og trusopplæring.

## **2.5 Intervjusituasjonen**

Konteksten på alle intervju var i heimane til informantane. Dette ser eg på som positivt då dei er på heimebane og slik sett truleg er litt friare enn om dei skulle møte i kyrkja, heime hos meg eller ein annan stad. Dette var òg praktisk for informantane som då ikkje hadde bruk for barnevakt. Fire av intervju hadde eg på kveldstid etter at barna var lagt, medan eitt av dei skjedde på ettermiddagstid med barnet til stades. Dette var eit barn under eitt år, og det første barnet til paret.

Eg tok meg god tid til å snakke om daglegdagse ting før eg gjorde intervju. Det verka som informantane var avslappa både under intervju og elles. Sidan dette er eit bygdemiljø, kjende eg til informantane, og dei kjende til meg og den rolla som eg vanlegvis har i lokalsamfunnet. Eg opplevde at dette var med på å gjere situasjonen avslappa. Det kunne sjølvstøtt ha vore motsett, men eg trur at informantane kjende seg trygge på meg, noko den opne atmosfæren i intervjusituasjonen bekreftar. Under nokre av intervju kom eg til å stille leiande spørsmål. Dette svekker undersøkinga noko, men eg meiner eg har fått fram foreldra sine meiningar og haldningar om dei emna vi var innom.

Intervjua vart tatt opp på band og det gjorde det lettare å vere konsentrert om informantane under intervjua. Eg hadde klargjort dette på førehand og ingen av informantane hadde motførestillingar mot det. Ved opptak av intervjua og transskribering, fekk eg eit meir nøyaktig resultat enn ved notering undervegs. Lengda på intervjua varte frå vel ein halvtime til om lag ein time. Presise formuleringar og prat om ulike ting varierte mykje, og foreldre med fleire barn hadde meir å tilføre under nokre av punkta enn dei med eitt barn. Når eg i analysen og drøftinga refererer kva som vart sagt, har eg brukt normalisert nynorsk og ikkje dialekt som eg gjorde i transskriberinga.

## **2.6 Etiske vurderingar**

Då empirisk materiale som omhandlar personlege erfaringar og refleksjonar vert kategorisert som sensitivt, søkte eg om godkjenning for undersøkinga mi hos Norsk Samfunnsvitenskaplig datatjeneste (NSD). Dei godkjende undersøkinga mi etter at eg hadde justert informasjonsbrevet eg sende ut til aktuelle informantar, dei godkjende òg intervjuguiden eg hadde laga. I informasjonsbrevet gjorde eg det klart at eg hadde fått godkjenning frå NSD og at informantane hadde mogelegheit til å trekkje seg undervegs. Eg gjorde det òg klart at eg ville slette intervjua frå opptakaren etter at eg hadde fått godkjent oppgåva.

Det er viktig å vere open med kva ein skal bruke innsamla data til slik at dei ikkje vert misbrukt. Ingen av informantane mine trekte seg undervegs og ingen stilte spørsmål om bruk av opptakar. Det er viktig at informantar får skikkeleg beskjed om kva ein skal bruke innsamla data til. Informantane må vere trygge på at materialet vert behandla korrekt. Det er difor ei trygghet i at NSD har godkjent undersøkinga og bruk av innsamla materiale.

## **2.7 Validitet og reliabilitet**

Det er viktig å stille seg spørsmål om ein har fått tak i dei opplysingane ein er ute etter ved ei undersøking, dette ein kallar validitet. Ein bør også spørje seg om det ein har funne ut kan overførast til andre samanhengar og om ein kan stole på det materialet ein har samla inn, det vi kallar reliabilitet. Det var vanskeleg å få innspel frå informantane om kva som kunne vere bekreftande trusopplæring for dei, det kan kanskje svekke validiteten noko, men eg fekk mykje materiale som kan brukast i oppgåva til å belyse hovudproblemstillinga.

Når det gjeld reliabiliteten, så kan ein del av materialet frå undersøkinga overførast til liknande populasjonar, fordi eg trur informantane mine sine opplysingar gjeld fleire enn foreldre for 0-3 åringar i Vatne sokn. Det vil lettast kunne overførast til liknande busetnad i



same region av landet, då andre undersøkingar viser at det er store regionale skilnader i synet på dåp og trusopplæring. Eg trur informantane er representative for ein stor del av dei som har døypt barna sine i Dnk i vårt område. Det er interessant å sjå at ein del av materialet stemmer godt overeins med forskingsresultat omkring dåp som er gjort i løpet av dei siste 15 åra.

### **Kapittel 3. Teoribakgrunn**

#### **3.1 Småbarnsforeldre og den religiøse oppsedinga under nye føresetnader**

##### **3.1.1 Nye livsløp og livsfasar**

For å kunne forstå dagens småbarnsforeldre, må ein sette seg inn i korleis samfunnet vårt er i dag. Kjeldene mine til dette finn eg i sosiologien. Småbarnsforeldre har ein anna kvardag enn tidlegare generasjonar, og utviklinga går raskt.

Ved starten av 70-talet fekk gifte kvinner i gjennomsnitt sitt første barn når dei var litt over 23 år. Då var utdanning og sein etablering eit normbrot og eit offer. Ungdommane var tenåringar og i tjuetåra gjekk ein inn i vaksenrolla. Dette endra seg utover på 80-90-talet, ein *ung vaksen* periode strakte seg etter kvart frå 20- til vel 30-års alder. Frønes og Brusdal seier at overgangen frå industrisamfunnet til noko dei kallar utdannings- eller kunnskapssamfunnet, gjorde at organiseringa og fasane i livsløpa vart endra (Frønes og Kjølørød (red) 2005:294f). Det vart skapt ein revolusjon i livsmønster og livsstil. På 70-talet var studentane i mindretal, medan det etter kvart vart dominerande å vere ung og uetablert i tjuetåra. Når livsløpfasane vart endra, viskar ein ut gamle kritiske overgangar, og nye vart skapt.

*Ung vaksen*-fasen forandra heile ungdomstida, og omgrepet «tenåring» forsvann frå ungdomsmedia. Dei fleste tenåringane sin framtidsdraum vart i *ung vaksen*-fasen utdanning og livsløpsplanlegging, ikkje å finne seg ein ektefelle og etablere seg. Ein får ikkje barn berre fordi ein er 23 år, det må planleggast og organiserast i forhold til andre ting ein skal gjere og oppnå. Livsløpet tek form av ei livsløpkarriere der ein ut frå refleksjon tek eksistensielle val. Mening og sjølvrealisering er sentrale verdiar.

Utdanningsnivået til norske kvinner er i front i verda. Utviklinga på 1990-talet var prega av fokuset på sjølvrealisering, noko som inneber at dei fleste kvinnene ønskte å studere og ta seg ei utdanning. Det inneber at utdanning og etablering i arbeidslivet ofte kjem før ein vel å få

barn. Mange er då over 30 år før dei får barn, for først då passar det inn i livsløpet (Frønes og Kjølørød(red) 2005:294-298).

Ei slik livsstilendring som omtalt ovanfor, er nok meir typisk for folk i store byar enn for folk i meir rurale områder. Likevel ser vi at denne livstilendringa har spreidd seg utover landet. Det er framleis slik at dei fleste fødslane skjer før kvinna fyller 30 år, men stadig fleire får barn når dei er i 30-åra. Fødselsratene viser at det er kvinnene mellom 25-29 år som får flest barn. I løpet av 1990-åra gjekk fødselsratene generelt ned for kvinner i 20-åra, og opp for kvinner i 30-åra. Utdanning har stor betydning for tidspunktet for når kvinner får sitt første barn. Det er difor først og fremst i byane med dei store utdanningsinstitusjonane og der det finns fleire mogelegheiter for karriere, at vi særleg ser at kvinner ventar med å få barn (Lappegård 2001).

Frønes og Brusdal meiner at det er eit særtrekk i det norske samfunnet at Noreg har ein stor andel sambuarar (Frønes og Kjølørød(red)2005: 286-287). Det har skjedd ein stor auke dei siste 20 åra. I følgje Statistisk Sentralbyrå (SSB) var det i 2014 27% av alle par som var sambuarar, medan det i 1990 var 10% . For unge under 30 år er det i dag meir vanleg å vere sambuande enn å vere gift (SSB, befolkning:2015).

Småbarnforeldre har ein travlare kvardag enn folk flest i andre familiefasar (Kitterød 2002). Dei bruker meir tid til yrkes- og familiearbeid, og har mindre tid til fritidsaktivitetar. I denne fasen er kjønnsarbeidsdelinga mest markert, noko som har samanheng med at mødrer trappar ned innsatsen i arbeidslivet i større grad enn fedrar, og aukar tida til familiearbeid meir. Det har vore store endringar i dagleglivet både for mødrer og fedrar dei siste 30 åra. Mødrer har auka tida i yrkesarbeid betydeleg, medan arbeidet i hus og heim har blitt kraftig redusert. Fedrar bruker noko meir tid til arbeid i hus og heim i dag enn på 70-talet, men deira auke tilsvarar ikkje nedgangen hos mødrene. Det er mykje større likedeling av arbeidet ute og heime i dag, men likevel er kjønnskilnadane framleis betydelege (Kitterød 2002).

Kitterød konstaterer samstundes at det kan sjå ut til at den tidlege småbarnsfasen utgjer ein pustepause i yrkesaktiviteten til foreldra. Foreldre med noko større barn bruker meir tid i yrkeslivet enn foreldre med heilt små barn, og skilnaden ser ut til å ha auka på 1990-talet. Inntektene stig stadig, og for dei med høg utdanning stig den relative inntekta sterkt med alderen, medan det for dei med lav inntekt ikkje har den same stiginga med aukane alder (Frønes og Kjølørød(red)2005: 304).

I 1998/99 vart *kontantstøtta* innført til familiar med barn frå 0-3 år for å gjere det mogeleg for meir eiga omsorg for små barn. Ordninga inneber større likebehandling av ulike former for omsorg (heim, barnehage, dagmamma m.m.). Allereie i 2001 hadde ein fått indikasjon på at yrkesaktiviteten til småbarnsforeldra hadde blitt noko redusert, og forskarar antok at noko av den frigjorte tida vart nytta til å vere saman med eigne barn. Dei seier også at kontantstøttereforma førte til større fleksibilitet for småbarnsforeldre (Håkonsen 2001: 9). I ein rapport frå Ragni H. Kitterød i 2003 fann ein at der er moderat reduksjon av arbeidstida til småbarnsforeldre. Men kjønnsforskjellen er særleg markant i småbarnsperioden, då fleire mødrer enn fedrar reduserer arbeidstida si i yrkeslivet medan barna er små. Dei mødrene som har kontantstøtte har oftast ei kort utdanning, og dei bor også i familiar med mindre inntekt enn dei som ikkje har kontantstøtte. Det er fleire som bor i bygder med spreidd busetnad enn i storbyar som har kontantstøtte. Verdival og haldningar til familie og oppseding kan vere ei viktig forklaring på korleis mødrer prioriterer tid med barna. Mødrer med fleire små barn brukar kontantstøtta meir enn dei som har eitt barn i aktuell alder (Kitterød 2003: 19ff).

Denne samfunnssituasjonen er viktig å ha som bakgrunn når vi skal tenkje bekreftande trusopplæring for foreldre. Vi treng òg å vite kva som er det typiske ved religiøsitet i dagens samfunn.

### 3.1.2 Religiøsitet i eit sekularisert samfunn

Kyrkja vil til ei kvar tid verte utfordra av samfunnet den er ein del av. Det som mellom anna kjenneteiknar samfunnet i dag er datateknologien si raske utvikling. Denne påverkar både arbeidsliv, familiar, kyrkje og andre institusjonar i samfunnet. Alt skal gå raskt, og det er mange ting å forhalde seg til. Moderne kommunikasjon gjer at verda stadig vert mindre og det norske samfunnet vert prega av økonomiske og kulturelle endringar ute i verda. Unge familiar står under tidspress i jobb og fritid (jmf.3.1). Haldninga til religion endrar seg også, ikkje minst haldninga til religiøse autoritetar.

Det vert sagt vi lever i eit sekularisert samfunn. Religions sosiologane forklarar omgrepet sekularisering med ei svekking av religionen si betyding i samfunnet. Ein ser at samfunnet vert gradvis sekularisert, og at omfanget er ulikt, avhengig av miljø og kvar ein bor. Ein diskuterer ulike teoriar knytt til sekularisering (Botvar og Schmith(red) 2014:12). Desse vert gjerne delt inn i tre grupper, privatiseringsteorien, nedgangsteorien og differensieringsteorien. Privatiseringsteorien går ut på at trua har blitt ein mindre del av det offentlege, meir privat. Nedgangsteorien handlar om at religionen generelt har blitt svekka i det sekulære samfunnet.

Dei fleste forskarane aksepterer teorien om at samfunnet har gjennomgått ei form for differensiering der ulike samfunnssektorar har vorte fristilt frå kvarandre, den religiøse inkludert. Men mange er skeptiske til dei to andre sekulariseringsteoriane, privatiserings- og nedgangsteoriane. I følge Botvar, så betyr ikkje privatisering nødvendigvis at religionen i sum vert svekka, men at den vert flytta frå eitt område til eit anna. Privatisering kan leie til sekularisering, men også til religiøse nydanningar (Botvar og Schmith(red) 2014:12).

Religionsundersøkingar frå 1991-2008 viser at det har skjedd ein nedgang i andelen som gir uttrykk for ei sikker gudstru, og ein endå tydlegare auke i den andelen som kallar seg ikkje-truande. Men bildet er samansett. Det er teikn som tyder på at tradisjonelle former for religiøsitet har fått følge av nye og meir individualiserte former for tru. Tidlegare hadde mange forskarar sterk tru på sekularisering, medan ein i dag innser at det i eitkvart samfunn vil vere element av tru til stades. I det moderne samfunnet vert nye fenomen oppfatta som heilage og dermed sakralisert. Botvar hevdar at sekularisering og sakralisering er bundne saman og nødvendige for å forstå dagens norske samfunn. Han seier også at ein må kombinere sekulariseringsteoriar med andre teoriar om religiøs endring til dømes ulike variantar av privatiserings- og individualiseringsteoriar (Botvar og Schmith(red) 2014:23-24). Det er òg interessant å sjå at resultat av dei store religionsundersøkingane frå 1991, 1998 og 2008 tyder på at det har skjedd ei regionalisering av norsk religiøsitet. Skilnadane mellom landsdelane er tydelege, og er i det vesentlege dei same i 2008 som i 1991. Men vi veit at samfunnet har vore gjennom betydelege kulturelle og strukturelle moderniseringsprosessar gjennom urbanisering, næringsstruktur og utdanningsnivå. Norge har vorte meir fleirkulturelt og det har vore ei utstrakt grad av individualisering. Det er då interessant at regionaliseringa av norsk religiøsitet held seg på same nivå. Dei lokale skilnadane har vorte mindre, medan regionaliseringa har blitt tydlegare. Ein kan likevel sjå at der er skilnader til dømes mellom Sør- Vestlandet og Vestlandet elles (Botvar og Schmith(red) 2014:58). I vårt område, Sunnmøre, har det tradisjonelt vore stor aktivitet på bedehusa. Aktiviteten har dei seinare åra blitt stadig mindre, både i barnarbeidet og vaksenarbeidet. Kyrkjene har tatt over noko av aktiviteten enkelte stadar, men generelt kan ein nok seie at det også her har blitt mindre kristen aktivitet. Likevel kan vi sjå at det i vår kommune er stor oppslutnad om dåp (jmf.2.3), konfirmasjon og ein del breiddetiltak i trusopplæringa (Årsmelding Haram kyrkjelege fellesråd: 2014). På den eine sida ser vi altså at dåpsprosenten er høg, medan oppslutninga om kristne aktivitetar minkar. Kanskje er konkurransen frå idrettslag, korps m.m. blitt så stor at dei kristne tilboda ikkje blir prioritert?

Det ser ut for at det religiøse mangfaldet forsterkar tilslutninga om at det offentlege skal vere sekulært. Dette kan henge saman med at vi har ein brei aksept for at vi har eit pluralistisk samfunn, der alle skal behandlast likt. Det kan også henge saman med at vi har eit sekulært samfunn der religiøs status, autoritet, posisjon eller overttyding ikkje skal vere avgjerande for korleis ein deltek i det offentlege i samfunnet (Botvar og Schmith(red) 2014:91).

Det homogene samfunnet vi hadde tidlegare, har endra seg til eit pluralistisk samfunn der innvandring og påverknad frå andre kulturar gjer at vi ikkje lenger kan snakke om at meir enn 81% av alle nordmenn høyrer til Dnk. Nordmenn har akseptert at vi har vorte eit pluralistisk samfunn. Vi har ikkje fått ei revitalisering av kristendommen i form av at folk ønsker at det offentlege Norge skal få meir preg av at «Norge er eit kristent land» (Botvar og Schmith(red) 2014:91). Henriksen og Schmith (2014) seier vidare at religiøs pluralisme står fram som eit akseptert faktum både mellom truande og ikkje-truande. Sekulariseringsprosessen som Norge har gått gjennom har ført til at religionen i høg grad har blitt definert som ei privat sak. Dei konservative formene for religion har fått eit sterkare innslag. Dette, saman med eit bilde media har skapt av islam, kan ha forsterka skepsisen til religion i det offentlege (Botvar og Schmith(red) 2014:91-92).

Inger Furseth (Botvar og Schmith(red) 2014:199), religionssosiolog, argumenterer for at den største endringa i religion i Norge ikkje er nedgang i medlemskap, deltaking eller oppslutning om førestillingar av tru. Ho meiner den største endringa er at ein yngre generasjon tenkjer og formulerer forholdet sitt til religion på andre måtar enn ein eldre generasjon. Dette gjeld både religiøs praksis, førestillingar om tru og samanheng mellom religion og verdjar. I dei yngre generasjonane vert religion vurdert i større grad ut frå moglegheitene til å uttrykke og leve ut sitt autentiske sjølv enn i eldre generasjonar. Der har det meir vore eit spørsmål om å slutte seg til gitte sanningar, formidla i eit kollektivt og institusjonelt fellesskap (Botvar og Schmith(red) 2014:199).

Fleire har gjort funn som langt på veg stadfestar Furseth sine funn. Det er klar nedgang i oppslutninga om religion som fastsette trussetningar, som organisert og kollektiv rituell deltaking. Men religion som individualisert tru med mindre vekt på institusjonelle eller kollektive sider ser ikkje ut til å verte svekka . Schmidt seier det snarare er ei endring i det religiøse landskapet og måten vi former religion på, enn til ein generell nedgang i religion. (Botvar og Schmith(red) 2014:199) Pål Repstad (2005) stadfestar endringa av kyrkja si rolle i artikkelen «Religion og livssyn i dagens Norge» slik;

«Folk er ikke nødvendigvis mindre religiøse enn før, men de lar seg mindre styre av religiøse autoriteter når det gjelder hva de skal tro.» (Frønes m.fl.2005:387)

Repstad slår fast at «opplevelser og følelser er sterkere ankerfester for det religiøse enn kognitive overbevisninger» (Frønes m.fl.2005:388). Han skriv også at det norske folk er skeptiske til å underkaste seg religiøse autoritetar og at folk flest har eit nokså avslappa forhold til religiøse dogmer. Eg trur nok dette stemmer for folk flest, men kyrkja, dei kristne organisasjonane og frikyrkjene, held fast på dogmene i stor grad. Nokon vil kanskje seie at dei er i utakt med tida, medan kyrkjene og organisasjonane vil hevde at for å vere ei kristen kyrkje må ein halde fast på dogmene, t.d at Jesus Kristus er Guds Son, og at han døydde og stod oppatt. Spørsmålet er korleis ein skal formidle budskapet til menneske som slett ikkje er opptatt av dogmer.

Med dette går eg vidare med ei kort utgreiing om dåpssamtalen og dåp, der det er viktig å kunne kommunisere med dagens foreldre.

### 3.1.3 Dåpssamtalen og dåp

Eg meiner som Cecilie Holdø at dåpssamtalen er hjørnesteinen i trusopplæringa. Ho kallar også dåpssamtalen for ein døropnar (Holdø 2008:66f). Her er det første møtet mellom barn, foreldre og kyrkje. Og her blir grunnlaget lagt for møtet dei seinare har med kyrkja, både i dåpsgudstenesta og i ulike trusopplæringstiltak. Foreldre har ulik bakgrunn og ulik haldning til dåpen. Det er viktig for kyrkja å møte foreldra på ein god måte. Kyrkja har sagt i planane sine (Holdø 2008:59) at den vil lytte til foreldra og deira behov for å kunne gi dei det dei treng, bekrefte dei som dei beste trusopplærarane, og gi dei støtte vidare.

Dåpssamtale, dåp og trusopplæring heng saman. Dåpssamtalen legg grunnlaget for kyrkja si trusopplæring, og dåpen og dåpsgudstenesta kan skape gode opplevingar. I Vatne kyrkje har dei mange dåp, og det viser seg at fleire og fleire ønsker å ha dåpen under familiegudstenestene som blir kalla Sprell levande-gudstenester. Kyrkjelyden ønsker at dette skal vere gode møtepunkt for familiane, og det stemmer med tilbakemeldingane.

Det er prestane som har alle dåpssamtalane med foreldra. Der er to prestar som begge arbeider i soknet. Den eine har besøkt heimane og har hatt samtalane der, medan den andre har hatt samtalane i dåpssakristiet i kyrkja, og delvis også brukt kyrkjerommet. I NOU 2000:26: s 59, står det slik:

*Kirkens rolle i dåpssamtalene bør være å lytte til hvilke behov foreldrene har i oppfølgingen av dåpen, for å gi foreldrene trygghet i rollen som oppdragere. Kirken må ta foreldrene på alvor når de ved dåpen sier at de ønsker at barnet skal få en kristen oppdragelse, og bekrefte foreldrene på at de er de beste dåpslærerne fordi de står barnet nærmest.*

Kyrkja kan vere med å bekrefte mor og far som gode omsorgspersonar gjennom møtet i dåpssamtalen, og også bekrefte dei som dei beste trusopplærarane for barnet sitt. Den store Medlemsundersøkelsen viser at majoriteten av foreldre som døyper barna sine anten gjer det på grunn av tradisjon, at dei sjølv er døypte, eller at dåpen gir betre moglegheit til å velje sjølv seinare i livet. Halvparten av medlemmane i kyrkja har ei religiøs grunngeving for å døype barna sine som den viktigaste grunngevinga. Men fleire av dei som grunnjev dåp med tradisjon har også ei viss religiøs grunngeving for dåpen, så det er ikkje berre halvparten som har ei religiøs grunngeving (Høeg 2002:13-14). Det kan sjå ut som om dåpen i kyrkja er meiningsfull for foreldre av heilt ulike kriterier, tradisjon og individualitet. Historisk forankring, kontinuitet og fellesskap på den eine sida, og individuelle preferansar som fridom og valmoglegheiter på den andre. Det er ikkje rart at den individuelle valfridomen står sterkt. Å vere herre over sitt eige liv og kunne velje sitt eige livsprosjekt er viktige verdiar i vår tid. Dette påverkar både fellesskap og danning av fellesskap, samt individet sitt syn på seg sjølv og eigne moglegheiter. Høeg har også kome fram til at i tillegg til den religiøse grunngevinga, er dåpstradisjonen eit kulturelt fenomen som kommuniserer mening. Ho seier at tradisjon fungerer som sosial hukommelse og lojalitet til kollektivet, og at foreldre søker til ei felles historie ved høgdepunkta i livet. Ved dåpen vert det markert at barnet har kome og at familien har endra status. Vektlegging av tradisjon tolkar Høeg også som ei felleserklæring til det norske samfunnet, og eit uttrykk for å involvere barnet i ein felles kultur (Høeg 2002:15-17).

Eva Reimers si undersøking i Sverige viser noko tilsvarande. Ho har kome fram til at dåpen er ei meiningsfull rite for foreldra, riten gjer barna til menneske, dei sjølv til foreldre, og den forankrar både dei sjølv og barnet i slekta (Reimers 1995:104).

Foreldreundersøkelsen finn samanheng mellom motiva foreldra har for dåp og kva standpunkt dei tek i forhold til kristen tru (Øystese 2004:33). Funna til Øystese er spesielt interessante då den delen av landet eg har gjort undersøkinga mi i, høyrer til same region av landet (Vest-Norge). Vi kan truleg finne samanfalande resultat. Øystese delte foreldregruppa inn i 4 grupper (sjå pkt.1.2). Han fann at tradisjon er ein viktig motivasjon for dåp for alle fire

grupperingane, heile 86% grunngav val av dåp med tradisjonsrelaterte alternativ; fordi det er tradisjon, eg er sjølv døypt, eg ville ha det høgtideleg og vakkert for barnet, eg vil at barnet skal vere ein del av Dnk, fordi vi er ein kristen familie. Ein stor del av deltakarane i undersøkinga meinte òg at dåpen har ei åndeleg side. Svara som fokuserer på dåpen si kristelege tyding er slik; fordi eg ønsker å gi barnet mitt ei kristen oppseding, eg ville at barnet mitt skulle bli Guds barn, eg har ei kristen tru, eg vil at barnet skal vekse opp som kristen, og eg føler at dåpen gir tryggleik. 58% har valt alternativ som fokuserer på kristen tru dvs. om lag 6 av 10 dåpsforeldre gir uttrykk for ein kristeleg/åndeleg motivasjon for å bere barnet til dåpen. Dersom ein tek med tryggleik og det at barnet skal vere ein del av kyrkja, er ein i Foreldreundersøkelsen oppe i 70% som legg meir enn tradisjon til grunn for dåp. Samanlikning av resultat frå Medlemsundersøkelsen med Foreldreundersøkelsen, viser at der er mykje samsvar i grunngjeving for dåp (Øystese 2004:30-32). Den største forskjellen finn ein på to punkt, det eine er; *min ektefelle/samboer/kjæreste ville at barnet skulle døpes*. Her er det 14% i Foreldreundersøkelsen og 60% i Medlemsundersøkelsen som har kryssa av. Det andre punktet gjekk på om dei ville at barnet skulle bli medlem i Dnk, her er skilnaden den same; 7% i Foreldreundersøkelsen og 43% i Medlemsundersøkelsen. Men i det store og heile stemmer altså undersøkingane overeins (Øystese 2004:30). Eg vart overraska av det samanfallande resultatet ved desse to undersøkingane då religionsundersøkingane frå 1991, 1998 og 2008 viser at det har skjedd ei regionalisering av norsk religiøsitet (Botvar og Schmith 2014:58). Eg hadde forventa større forskjell, truleg går då forskjellane på andre ting enn haldningar til dåp.

I dei to neste avsnitta handlar det om korleis kristen oppseding kan oppfattast og foreldra si rolle i denne oppsedinga.

#### 3.1.4 Kristen oppseding

Uttrykket *kristen oppseding* kan brukast og tolkast på fleire måtar. Eg held meg til forklaringa som Sverre Dag Mogstad har brukt der han set fokus på to bruksmåtar. Han står i ein religionspedagogisk tradisjon der det har vore vanleg å legge til rette og forstå den kristne oppsedinga innanfor ramma av den lutherske toregimentslæra, og i dialektikken mellom lov og evangelium. Han seier at i lys av det verdslege regimete og skapingsteologien, vil alle sider ved utviklinga til barn og deira verkelegheit, vere innanfor den kristne oppsedinga sitt interesseområde. Ein kan òg seie at oppsedingsoppgåva til foreldra er eit kristent kall, med grunngjeving i at Gud som skapar gir gode gåver, til alle (Mogstad 2004:86f). Men Mogstad



seier at det er viktig å forstå at den kristne oppsedinga som ein verdsleg funksjon og underlagt fornufta, ikkje betyr ei sekularisering av oppsedinga. Oppsedinga vert å forstå som lova sin første bruk, som betyr at den får ei dobbel oppgåve. Den bidreg for det første til å sette eit vern mot det vonde, og for det andre vil Guds gode gåve på skaparplanet bli gitt og utvikla. (Mogstad 2004:88).

Sett i lys av det åndeleg regimentet er det vanskeleg å innordne evangeliet i ein oppsedingssprosess eller bestemme den kristne trua som eit oppsedingsmål. Vi må halde fast på den radikale forskjellen mellom tru og oppseding, og då kan vi seie at oppsedinga legg dei ytre forholda til rette slik at barnet kan bli nådd av nådemidla, og ikkje berre kunnskapssida, men av den eksistensielle sida. Denne tenkjemåten er betinga av eit luthersk syn på å tileigne seg tru (Mogstad 2004:89).

Eg synes det er frigjerande å tenkje på kristen oppseding på denne måten. Her får den gode, omsorgsfulle og positive oppsedinga rom. Kristen oppseding blir ikkje berre ei snever forståing av oppsedinga, men gir rom både for det allmenne og det spesifikt kristne. I den spesifikt kristne oppsedinga, under det åndeleg regimente, legg ein til rette for at barna kan få lære og erfare kva kristen tru er. Dette er eit synspunkt som slett ikkje alle deler, der er mange som ikkje vil kalle den allmenne, gode oppsedinga for ei kristen oppseding (t.d.humanistane).

### 3.1.5 Foreldra si rolle i kristen oppseding

Foreldra har hovudansvaret for oppsedinga av barnet sitt. Vi seier at dei har det primære oppsedingsmandatet. Frå ein kyrkjeleg ståstad grunnjev ein foreldra sitt primære mandat ut frå at foreldreansvaret er ei gudvilla ordning. Ansvar for å oppsede og lære opp barna sine er gitt av Gud og dette ansvaret kan berre takast frå foreldra viss dei forsømer ansvaret sitt. Foreldra sin rett og plikt til å oppsede og lære opp barna sine kan sjåast som ein «naturrett». Evenshaug og Hallen har laga ein familiepedagogisk mandatmodell der foreldra ut frå primærmandatet kan filtrere påverknaden som barnet møter. Kyrkja på si side har sjølvstendig, men delegert mandat. Kyrkja kan bestemme kva som skal skje i kyrkja, viss foreldra har moglegheit til medavgjerdsrett og filtrering av ikkje-ønska påverknad (Evenshaug og Hallen 1997: 48-51). Dette syns eg kan vere problematisk, og forstår ikkje heilt korleis ein kan få til å fungere. Foreldra kan vere ueinig i det som kyrkja seier og gjer, men det er vanskeleg at kyrkja skal kunne rette seg etter det dei meiner og vil. Men samtidig trur eg openheit omkring det som skjer i kyrkja sin regi er svært viktig.

Kyrkja seier også at det er foreldra som er ansvarlege for trusopplæringa til barna sine. Mandatet til kyrkja er mellom anna å gi den opplæringa som foreldre treng. Utfordringa er å få til ein god dialog og samhandling mellom kyrkja og heimen. I NOU 2000:26 står det:

*Foreldre og foresatte har hovedansvaret for oppdragelse og opplæring av barn og unge. Dåpsopplæringen må skje på mandat fra foreldre og faddere som har ønsket dåp. Det er den kirken en døpes inn i, som har et formelt ansvar for å gi den opplæringen foreldre har rett til å forvente når de bærer barn til dåpen. Med bakgrunn i foreldreansvaret er hjemmet en viktig arena for dåpsopplæringen. For utvalget er det viktig å se hvordan det kan legges til rette for et godt samarbeid med og involvering av barnas og de unges foreldre og faddere. Utfordringen er å få til et godt samvirke mellom kirke og hjem. (NOU 2000:26:11)*

Mange foreldre ønsker å gi barnet sitt ei kristen oppseding. 90% av foreldra i Foreldreundersøkelsen har sagt at dei ønsker noko kristent innhald i oppsedinga (Øystese 2004:59). 3 av 4 foreldre meiner dåpen forpliktar til å gi barnet ei kristen oppseding (Øystese 2004:45). Innhaldet i kva dei meinte det inneber å gi ei kristen oppseding varierte frå det ein kan kalle «den gode oppsedinga» der moral, kjærleik og tryggleik stod i fokus, til det meir spesifikke kristne som at barnet lærer å ha eit personleg forhold til Jesus (Øystese 2004:55f). Øystese konkluderer mellom anna med at dei færreste er negative til kristen tru, men det er få som meiner at trua er viktig for dei. Han meiner den positive haldninga blant foreldra er eit godt utgangspunkt for kyrkja til å satse på å integrere større delar av dei i kristne fellesskap. Dette ser eg òg som eit godt høve, å bygge på gode møtepunkt som dåpssamtale og dåp, og bygge gode relasjonar mellom foreldre og kyrkja sine folk. Eit fleirtal av foreldra i Foreldreundersøkelsen gir ei kristen grunngjeving for dåpen og eit fleirtal av foreldra føler seg forplikta til å gi barna ei kristen oppseding. Likevel er ikkje denne forpliktinga knytt til kyrkja, plikta til den kristne oppsedinga er også ganske svak hos dei fleste, hevdar Øystese. Men foreldra har eit reelt ønske om å gi barna ei kristen oppseding, konkretisert gjennom deltaking i søndagsskule, barnekor, markering av kristne høgtider og ved å lære dei boda (Øystese 2004:95-97). Dei ønsker også eit større samarbeid mellom kyrkje og barnehage, og kyrkje og skule (Øystese 2004:91). Dei aller fleste foreldre meiner dei kan ta ansvar for den kristne oppsedinga. Dei har også ei formeining om at kyrkja stoler på at dei kan ta dette ansvaret sjølv, sjølv om nokre føler at kyrkja meiner dei treng meir hjelp enn dei sjølve meiner dei treng (Øystese 2004:45).

Mange foreldre er forsiktige med å gi uttrykk for trua si. Trua er ofte lite uttalt både overfor seg sjølve og andre. Det er den tradisjonsformidlande intensjonen som er den mest framtrekande intensjonen hos foreldra, noko både Medlemsundersøkelsen og Foreldreundersøkelsen bekreftar. Evenshaug og Hallen viser til at nokre foreldre nemner at kyrkja har betre føresetnader til å ta seg av den kristne opplæringsoppgåva enn dei sjølve (Hallen 2001:104). Kyrkja kan gjennom å gi hjelp og støtte til å styrke og utvide det kristne innslaget i heimen, gi foreldrebekeftande trusopplæring. På denne måten kan trua bli meir synleg i heimen (jmf. Gjesdal 2007:50). I «Gynge lite grann» om babysong som trusopplæring, står det slik om foreldreansvaret for trusopplæringa:

*Det er viktig at menigheten løfter fram at foreldrene har hovedansvaret for opplæringen, og at den påvirkning og læring som barnet mottar i hjemmet, er avgjørende. Mark Holmen, som er hovedpastor i Ventura Missionary Church i California, sier i sin bok 'Tro på hjemmebane' at 'hjemmet er det primære stedet, der troen får næring'. Han viser også til en undersøkelse som hevder at mor og far er to til tre ganger viktigere for utvikling av religiøs identitet hos barn enn aktiviteter i menigheten. Menigheten kan derfor ikke lykkes, dersom den ikke får til et samarbeid med foreldrene! (Blindheim (red)2010:13)*

Stemmer dette, er samarbeidet mellom kyrkje og heim avgjerande. Jan Steinar Halås meiner at vegen til å styrke familien si rolle i trusopplæringa går gjennom refleksjon, dialog og involvering. Stab, sokneråd og involverte utval i kyrkja må reflektere og samtale om familien si rolle i trusopplæringa, og om kva tru og trusopplæring er. Halås meiner òg at «vanlege» foreldre bør involverast i arbeidet med strategi og utforming av tiltak i trusopplæringa, og gjennom dette kan ein vere med å gi ansvaret tilbake til foreldra og samarbeide med dei om trusopplæringa (Halås 2006:42). Ideelt sett ville eg gjerne ha gjort det på den måten Halås foreslår, men det kan nok vere vanskeleg å gjennomføre. Det betyr ikkje at ein ikkje bør prøve å få det til.

### 3.1.6 Foreldra sine støttespelarar

I denne samanhengen tek eg med desse støttespelarane; fadrane, besteforeldra, barnehagen og kyrkja. Vibeke Glaser skriv om profesjonalisering av barneoppsedinga, om moglegheiter og utfordringar for foreldre og fagpersonar, spesielt på forholdet mellom foreldre og barnehage. Noko av det ho kjem med, meiner eg kan overførast til å gjelde alle dei støttespelarane eg skriv om. Likeverd og gjensidigheit bør vere utgangspunkt i forholdet, og Glaser nyttar

omgrepet «foreldrestøtte». Ho meiner foreldrestøtte inneber å hjelpe foreldre til å bli bevisst eigen oppsedingspraksis. Omgrepet «empowering» som betyr «å sette i stand til» eller «dyktiggjere», kan vere ein måte å sjå på foreldrestøtte. Foreldre vert dyktiggjort eller vinn igjen trua på egne evner og føresetnader gjennom fagpersonar sine bekreftingar, anerkjenning og støtte (Glaser 2003: 90f). Eg meiner at både fadrar, besteforeldre, barnehage og kyrkje *kan* vere slike støttespelarar i oppsedinga.

#### 3.1.6.1 Fadrane

I trusopplæringsplanen «Gud gir- vi deler» vert samarbeidet mellom kyrkja og heimen stadig understreka. Her vert også fadrane nemnt. Planen understrekar at lovending har ført til at kyrkja ikkje lenger kan støtte seg på skule og barnehage når det gjeld trusopplæring. Reforma har vist at kyrkja må samarbeide med heimen, og det har blitt tydlegare at heimen spelar ei sentral rolle i formidlinga av kristen tru og tradisjon.

Det er mange førestellingar om kva fadderrolla inneber, og ulike forventningar. For mange er det uklart kva ein fadder eigentleg er og kva han har som oppgåve. I Foreldreundersøkelsen tok Øystese med fleire spørsmål om kva foreldra meiner er viktig når dei skal velje fadrar. Det kom fram at dei fleste legg vekt på at fadderen skal vere ein slektning (60%) og/eller ein ven (51%). 59% la vekt på at fadderen skulle vere eit godt forbilde. Først på sjetteplass kjem kriteriet om at fadderen skulle vere ein truande eller hjelpe til med den kristne oppsedinga (14%) (Øystese 2004: 85). Dette er interessant då det i dåpsliturgien vert sagt klart at foreldre og fadrar har eit ansvar til å oppsede barnet i den kristne forsakinga og trua. Foreldre si haldning samsvarar ikkje med det kyrkja ser på som fadrane si oppgåve.

Det kom også fram i Foreldreundersøkelsen at foreldra ønsker at fadrane skal ha eit nært forhold til barnet, vere der for det og bry seg om det. Det er òg dei som ønsker at ein gjennom val av fadrar skal knyte tettare band mellom familie, slekt og vener. Enkelte foreldre som gjerne vil ha medvitne og bevisste truande til fadrar, har vore glad for å finne ein fadder som kan be for barnet og som deler foreldra sitt verdisyn (Øystese 2004:86-87). Forventningane til fadrane er altså ulike, nokre forventar ingenting (15%), medan andre forventar at fadrane stiller opp viss det trengs (51%) og at dei er gode forbilde.

Det er opp til foreldra kor mykje dei vil involvere fadrane i oppsedinga, og det kan sjå ut som at dei aller fleste ikkje blir så mykje involverte. Frå kyrkja si side er det derimot eit ønske at fadrane skal ta dåpsløftet sitt på alvor og støtte foreldra på å gi barnet ei oppseding i den

kristne trua. Dette kan innebære både å be for barnet, gi gåver med kristent innhald, bruke tid saman med barnet og familien, støtte og hjelpe foreldra når det trengs. Men også ta med barnet i kyrkja på trusopplæringstiltak om foreldra ønsker det.

Laila Larsen har i si masteroppgåve skrive om fornying av fadderskapet. Med støtte frå to tyske teologar, Schwab og Heimbrock, hevdar ho at det sosiale bandet som avgjer for kven foreldre vel som fadder, kan kyrkja bruke til å vidareutvikle i retning av ei rolle med ein trusformidlingsfunksjon (Larsen 2010:54-56). Med gode relasjonar mellom faddrar og foreldre, er eg einig med Laila Larsen i dette. Dåpssamtalen før dåpen er på mange måtar ein nøkkel i denne samanhengen, her kan kyrkja sin stab utfordre foreldra til å involvere fadrane meir i trusopplæringa, og bruke dåpsløftet som grunngeving.

### 3.1.6.2 Besteforeldra

I kapittel 3.1.1 skreiv eg om nye livsløp og livsfasar, og der gjekk eg grundig inn på endringane i samfunnet. Unge familiar er meir mobile enn før og sentraliseringa har ført til at dei i større grad enn tidlegare bor lenger borte frå familien sin. Dei ber likevel med seg mange av familietradisjonane, til dømes dåpen. Mange vel å reise til heimlassen sin for å døype i heimekyrkja, og der vert det då halde familieselskap. Besteforeldra kan ha ulike roller overfor mor, far og barn. I boka «Besteforeldreskapet i familiepedagogisk perspektiv» skriv forfatarane om dei mest kjente typologiane som først vart presentert av Neugarten & Weinstein i 1964. Desse typologiane strekkjer seg frå ei formell rolle som skil skarpt mellom besteforeldre og foreldre, vidare til dei som vil ha eit meir uformelt forhold til barnebarna til gjensidig glede. Besteforeldre kan òg ha ei distansert rolle der dei berre har kontakt ved høgtider, fødselsdagar ol. I motsetnad til dei som har dagleg kontakt og eventuelt omsorgsansvar. Den siste typologien vert kalla «*reservoir* av familievisdom» og desse besteforeldra ønsker at barna er ærlege, ansvarlege og fornuftige. Dei bygg på eit autoritært forhold både til foreldre og barnebarn. Mykje tyder på at besteforeldrerolla endrar seg etter kvart som barnebarn og besteforeldre vert eldre (Evenshaug m.fl 2003:92-93).

Det seier seg sjølv at med så ulike besteforeldretypologiar, kan dei vere til ulik støtte og hjelp i den kristne oppsedinga. Og den geografiske avstanden spelar også ei avgjerande rolle. Studiar viser at bestefedrar ofte er langt mindre involvert enn bestemødrene, og besteforeldre på morssida er også gjerne meir involvert enn besteforeldre på farssida. Evenshaug m.fl. seier at det er grunn til å framheve modellering som den mest sentrale fellesnemnaren for dei ulike samspelforholda mellom besteforeldre og barnebarn. Denne vil sjølvsagt variere etter kva

slags forhold dei har til kvarandre (Evenshaug m.fl 2003:158). Besteforeldre i dag har fått nye utfordringar i og med det er mine, dine og våre barn i mange familiar. Korleis besteforeldre taklar dette, vil vere avgjerande for forholdet dei får til *alle* barnebarna.

Det er eit grunnleggjande prinsipp, nedfelt både i internasjonale konvensjonar for menneskerettar og i norsk lov, at hovudansvaret og førsteretten i barneoppsedinga ligg hos foreldra til barnet. Såleis har ikkje besteforeldra noko formelt oppsodingsmandat. I ei undersøking gjort i 2001 av Norsk Samfunnsvitenskapelig Datatjeneste (NSD) svarar over 40% at besteforeldra bør ha meir å seie enn barnehage og skule. Både barnehage og skule har eit lovbestemt oppsodingsmandat. Nesten 2/3 av foreldra meiner at besteforeldra bør ha minst like mykje å seie i oppsedinga som barnehagen og skulen (Evenshaug m.fl 2003:206-208). Dette indikerer at mange foreldre ser på besteforeldre som gode oppsedarar, og at dei gjerne vil at besteforeldre skal ta aktivt del i oppsedinga. Sidan foreldra gjerne vil ha besteforeldra på banen, kan ein her snakke om at besteforeldra kan vere med å dyktiggjere foreldra i oppsedarrolla. I undersøkinga eg gjorde kom det fram at fleire foreldre seier at dei gjerne vil oppsede barna sine slik som deira foreldre gjorde (jmf.pkt.4.2), då dei opplevde dette som ei positiv og god oppseding.

Her ligg ei utfordring for kyrkja: Korleis få besteforeldre til å bekrefte foreldra som gode oppsedarar, slik at foreldra vert trygge som trusopplærarar for barna sine når barna er små? Eg trur nøkkelen ligg i god kommunikasjon, respekt for kvarandre og gode relasjonar mellom kyrkja og besteforeldre, besteforeldre og foreldre, og kyrkja og foreldre.

### 3.1.6.3 Barnehagen

I barnehagen sin formålsparagraf § 1 står det slik:

*Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlyhet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene. (Lovdata, 2015, § 1)*

Denne formålsparagrafen bygg på sentrale kristne grunnverdiar, og sidan dei fleste barna tek til i barnehagen ved eittårsalderen, har barnehagane eit stort og viktig ansvar i oppsedinga. Eg tenkjer difor at barnehagane kan vere gode støttespelarar i oppsedinga, også i kristen oppseding jmf.pkt. 3.1.4.

*Solveig Østrem* åtvarar i artikkelen «Grunnlag for kvalitet i barnehagen» om faren med for mykje fokus på kartlegging, kan gå på kostnad av fagområder som etikk, religion, filosofi og estetikk (Østrem 2010:60-61). Ho meiner at det er grunn til å bekymre seg for at barnehagen som kulturarena er under press. Her under kjem også forholdet til kyrkja som kulturformidlar. Østrem er elles opptatt av å overføre måten ein tenkjer og arbeider med barns subjektskaping i barnehagen til trusopplæringa (Østrem 2007:143 ff). Der er fleire parallellar mellom barnehagereforma og trusopplæringsreforma, hevdar Østrem. Ho meiner kyrkja kan lære av erfaringar frå barnehagen. Kyrkja har eit vell av tekstar, forteljingar, symbol og ritual som dei forvaltar og har eit stort potensial til å etablere eit betydingsfullt tredje ledd (som ho meiner er nødvendig for at barn og vaksne skal kommunisere på like fot). Dersom kyrkja si trusopplæring skal bidra til å fremje barns subjektivitet, er det ein føresetnad at det vert etablert eit tredje ledd som er verdt å involvere seg i og som vert opplevd relevant i forhold til livserfaringane til barna, hevdar Østrem (Østrem 2007:154). Eg meiner at der er grunnlag for, etter barnehagen sin formålsparagraf, å seie at kjente bibelske forteljingar, høgtidsmarkeringar med meir kan brukast som *det tredje*, ikkje berre i trusopplæringa, men i barnehagane. Barnehagane kan såleis vere med å støtte foreldra i oppgåva med å gi barna ei kristen oppseding. Eg veit at dette mange stadar kan vere vanskeleg, men med gode informasjonsrutinar og openheit, kan dette vere mogeleg å få til.

#### 3.1.6.4 Kyrkja

Kyrkja skal vere foreldre sin støttespelar, og har også ei plikt til å gi dei døypte barna trusopplæring (jmf. dåpsløftet). Men kyrkja må òg ta stilling til og få vite om foreldra ønsker at den skal ha ei rolle i trusopplæringa for barna deira i 0-3 års alderen. I trusopplæringsplanen «Gud gir – vi deler» står det slik om korleis heimen, fadrar og kyrkjelyden kan samarbeide om å følgje opp dåpen:

*Å støtte foreldra/føresette i foreldreoppgåva og motivere foreldre til å innarbeide vanar der tru blir praktisert i heimen, gjennom kveldsbøn, bordbøn, høgtidsmarkering*

*og dåpsdagsmarkering, er sentrale målsetjingar. Bibelforteljingar og kristne songar er sentralt å lære for barna. (Gud gir-vi deler 2010: 20)*

Sjølv om kyrkja gjerne vil og har plikt på seg til å vere støttespelar for familien, fungerer det ikkje alltid slik. Det kan vere mangel på ressursar, det kan vere dårleg kommunikasjon, det kan vere manglande interesse frå familien si side eller andre ting. Dersom dåpssamtalen er hjørnestein og dørøpnar i trusopplæringa (jmf.pkt. 3.1.3), som Cecilie Holdø hevder og eg er einig i, må det vere viktig for kyrkja å bruke denne moglegheita godt. Både Cecilie Holdø og andre har skrive om dåpssamtalen og kjem med gode tips til gjennomføring.

Erling Birkedal si undersøking viser at foreldre ikkje ønsker å bli styrt inn i ei arbeidsform dei ikkje kjenner seg trygge i, dei ønsker å bli sett og møtt med ei open og lyttande haldning. Omsyn og fleksibilitet blir sett pris på og barna må kjenne seg trygge (jmf.pkt.1.2). Dette er ting som er viktige å ta omsyn til når ein skal jobbe med foreldrebekreftande trusopplæring. God kommunikasjon trengs i alle samanhengar.

Dei seinare åra har det vore mykje fokus på Babysong. Mange kyrkjelydar har gode erfaringar og god oppslutnad om Babysong. Jorunn Blindheim skriv i boka «Frå babysang til skolestart» at foreldra gjennom babysongen blir fortrulege med å vere i kyrkja og bruke kyrkja. Ho seier også at babysongen er eit lærande fellesskap der foreldre får moglegheit til å sjå og erfare korleis samspel og dialog med barn vert etablert. Ho seier vidare:

*Når foreldre over lengre tid synger kristne sanger og bønner, er det grunn til å tro at hellige vaner blir etablert i hjemmet. Dette handler også om å stoppe opp og ta seg tid til å være sammen med barnet, lytte, se og være til stede. Menighetens særlige bidrag i trosopplæringen med de aller minste er å peke på betydningen av å gjøre dette.*

(Blindheim 2013: 10-11)

Dette trur eg er viktig for kyrkja å hugse på. Om ein ikkje har Babysong, men klarer på andre måtar å formidle dei gode og «hellige» vanane, så kan ein hjelpe foreldra å kome i gong med trusopplæring på heimebane.

Fokuset i denne oppgåva gjer at har eg valt å ha med teori om tilknytning, nettverk og familiepedagogikk. Eg startar med tilknytningsteorien der eg går inn på teorien, og teorien og det åndelege. Deretter har eg valt å ta med nettverksteorien, økologisk utviklingsteori med hovudvekt på Bronfenbrenner sin sosialiseringmodell. Familiepedagogikk og familiepedagogikkmodellen til Evenshaug og Hallen har eg også gitt plass. Eg meiner desse



teoriane er viktig fordi dei alle tek føre seg forholdet mellom barnet og foreldra frå fødselen av.

## **3.2 Tilknytningsteorien**

### 3.2.1 Kva er tilknytningsteori?

Tilknytningsteorien reknast i dag for å vere den viktigaste teorien for å forstå korleis menneske beherskar nærleik, omsorg og sjølvstende. Den fokuserer på eit grunnleggande åtferdssystem, tilknytningssystemet. Systemet er, ifølgje Kari Killèn, antatt biologisk forankra, og i løpet av dei siste åra har både kognitiv teori og utviklingspsykologi blitt integrert i dette (Killèn 2003: 573). Dei to mest grunnleggande bidraga til tilknytningsteorien har John Bowlby (1907-1990) og Mary Ainsworth Salter( 1913-1999) gitt oss.

Bowlby hevdar at alle barn knyt seg til dei som gir dei omsorg, uansett korleis dei blir behandla, for å overleve. Men dette skjer på ulike måtar avhengig av samspelet mellom dei og omsorgspersonen. Bowlby viser korleis barnet skapar seg ein mental modell gjennom relasjonserfaringane med omsorgspersonen. Dette blir systematisert og gir grunnlag for tilpassing av forholdet til omsorgspersonen slik at det vert så føreseieleg som muleg. Modellen kan seinare bli brukt når barnet møter andre menneske og er med på å forme relasjonane som barnet går inn i (Bowlby 1980 i Broberg m.fl. 2015:196ff). Bowlby kalla dette for «indre arbeidsmodellar». Tilknytningserfaringane vert altså grunnlagt tidleg og vert tilpassa gjennom nye erfaringar som individet gjer i løpet av livet gjennom relasjonane sine. Tilknyttingsmønster som vi kan observere hos barnet kan vi finne igjen hos det voksne individet. Den indre arbeidsmodellen er ein for det meste ikkje medviten om, og den vert konstruert gjennom livet og blir bygd ut ved utviklinga ein får gjennom nye erfaringar og nye mentale ferdigheiter til meir avanserte indre arbeidsmodellar (Broberg m.fl. 2015:198ff ).

Ainsworth Salter systematiserte dynamikken i barnet sine første erfaringar i relasjonar. Ho beskreib tilknytning som eit trygt utgangspunkt for å utrykke kjensler og som tilpassa betyding for å beskytte seg mot vanskar ved utryggleik. Salter lanserte omgrepet «trygg base» og skreiv slik i doktoravhandlinga si: «når der ikkje er tryggleik i familien vert individa handikappa fordi dei ikkje har ein trygg base å gå ut frå.»(Salter, i Broberg m.fl 2015:28) Salter utførte ein observasjonsstudie på mødrer og spedbarna deira som vert kalla framandsituasjonen. Metoden går ut på at mora og barnet vert observert i 20 minutt i eit ukjent miljø, - det er eit koseleg møblert rom med leiker som passar små barn og plass til å både sitte og å leike. Barnet og

forelderen er i rommet og etter ei stund kjem ein framand inn i rommet. Under observasjon forlet forelderen rommet i to omgangar og heile observasjonen blir spelt inn på video. Salter studerte barnet sine reaksjonar når det utforska nye omgjevnader, separasjon og gjenforeining. Studia viste at det tilknytingsmønsteret som barnet får gjennom omsorg frå foreldra under det første leveåret, også vert observert i barnets andre år. I mange tilfelle kjem dette til å prege barnet gjennom heile barndommen (Broberg m.fl. 2015:52ff).

### 3.2.2 Tilknytningsteori og det åndelege

I dei siste 20 åra har tilknytningsteori og forskning ut frå den blitt toneangivande innan den internasjonale religionspsykologiforskinga. Desse studia går ut frå tanken om at Gud representerer ein tilknytingslik person og at individet opplever sin gudsrelasjon med tilsvarande tilknytning (Broberg m.fl.2013: 325).

Studie viser at tilknytninga vert utvikla under dei første leveåra og parallelt med den skjer tilknytingsutviklinga i gudsrelasjonen. Det tilknytingsmønster som individet har i sin indre arbeidsmodell påverkar forholdet til dei relasjonane som allereie er etablert, og også i kva grad individet søker relasjonar. Tilknytingsforskarar har med utgangspunkt i dette undersøkt om det forholdet barnet har (indrearbeidsmodell) til foreldre også kan vise korleis relasjonen til Gud er for individet. Dei stiller spørsmål om det er mogeleg å sjå spor av individet si tilknytning til foreldra i relasjonen individet har til Gud. Forskinga har gitt belegg for to hypotesar (Broberg m.fl.2013:342f).

Den første blir kalla *korrespondenthypotesen*. Den inneber at det skjer ei overføring av tryggleik frå tilknytninga til foreldra til tilknytninga til Gud. Forventningar som kjem frå den indrearbeidsmodellen som seier at eg er verdt omsorg, og kan forvente det i relasjonar, gjeld også i forholdet til Gud. Fordi mor gir respons, er full av kjærleik og tilgjengeleg, kjem Gud også til å vere det. Det kan verke som der er to komponentar som verkar saman i korrespondenthypotesen, ei generaliserande forventning om respons frå foreldra som blir overført til gudsrelasjonen og foreldra si tru som fungerer som modell. Trygge barn tek i større grad over foreldra si tru og utviklar den til si eiga (Broberg m.fl.2013:342-345).

Den andre hypotesen blir kalla *kompensasjonshypotesen*. Den inneber at gudsrelasjonen kompenserer for utrygg tilknytning til foreldra. Barn som har foreldre som ikkje er tilgjengelege for dei eller gir dei den omsorga dei treng, prøver vanlegvis å søkje tilknytning til ein annan person som får ein surrogatfunksjon. Personer som har hatt tilknytingspersoner med liten grad av respons i oppveksten, kan for eksempel ha større tendens til å vende seg til Gud,

for å takle tilknytingsrelatert stress. Og desse personane blir oftast aktivt truande i tilknytning til stressande livssituasjonar (Broberg m.fl.2013:340-342).

Harbo skriv i sin hovudkonklusjon i boka «Barndomserfaringer og voksentro» at sosialisering i oppvekstfamilien er den viktigaste og mest varige, men langt frå den einaste av sentrale faktorar som påverkar haldning til religion i vaksen alder (Harbo 1989:122). Han seier også at kvaliteten i forholdet i det minste bidreg til at personar knyt seg til eller fjernar seg frå foreldra si tru (Harbo 1989:140).

Frå tilknytningsteorien, går eg over til å gjere greie for ein sosiologisk nettverksteori; økologisk utviklingsteori. Begge teoriane høyrer til i disiplinen sosialpsykologi.

### **3.3 Nettverksteori - Økologisk utviklingsteori**

Familien er ei sosial eining, eit fellesskap av ei stor eller lita gruppe menneske, og eit sosialt nettverk som er det viktigaste for barnet når det blir født. Barry Wellmann seier, ifølgje Bø og Schiefloe, at dei sosiale fellesskapa vert utvikla og vedlikehaldne sjølv om omgjevnadane vert endra. Wellmann seier ein må betrakte «community», eller fellesskap mellom menneske, som sosiale nettverk, og ikkje som stadbundne fenomen. Det som er avgjerande er kva slags tilknytning og forpliktingar menneske opplever, kva dei gjer og betyr for kvarandre (Bø og Schiefloe 2007:34).


Urie Bronfenbrenner er ein sentral bidragsytar til å forstå individet si sosiale og kulturelle utvikling, og den mellommenneskelege forankringa i eit systemperspektiv. Gjennom hans bidrag kan ein òg lettare forstå korleis samspel i og mellom nettverk verkar inn.

Bronfenbrenner utvikla eit bioøkologisk perspektiv i 1990-åra og i starten på 2000-talet, han hadde først brukt omgrepet *utviklingsøkologi*. Men fordi han meinte han hadde undervurdert dei biogenetiske føresetnadane til individet i samspel med omgjevnadane, endra han omgrepet til *bioøkologi*. Dei viktigaste bidraga som Bronfenbrenner har kome med er å synleggjere interaksjonsperspektivet i utviklingsprosessen, dvs. forholdet mellom intra-personlege, interpersonlege og sosio-kulturelle forhold. Han stilte spørsmålet:

«Korleis veks og blir mennesket sosialisert i eit slikt dynamisk vekselspel?» (Johannessen m.fl. 2008:88). Bronfenbrenner set interaksjonsprosessen i sentrum, og dei biopsykologiske faktorane er like viktige som miljøet for utvikling og sosialisering. Han legg vekt på det individet subjektivt opplever eller erfarer, og det får konsekvensar for den einskilde og dermed for andre i samspel med omgjevnadane. «What men define as real, are real in their

consequences», er eitt av dei mest kjente sitata frå Bronfenbrenner (Bronfenbrenner 1979). Han presiserer at i den bioøkologiske modellen vil der vere både subjektive og objektive element som påverkar utviklinga, og begge er nødvendige (Johannessen m.fl. 2008:89-90).

Bronfenbrenner laga ein sosialiseringmodell som ser slik ut: (Kjelde: Bøe: 2012)



Figur 6.1 Bronfenbrenners utviklingsøkologiske modell

*Mikrosystemet* er den inste sirkelen i modellen og den inneheld romma for deltaking der barn møter menneske ansikt til ansikt, for eksempel heim, barnehage, kyrkje, venneflokk eller liknande. Mikrosystemet inneheld såleis situasjonar i barnet sitt miljø der barnet sjølv er til stades, gjer noko sjølv og blir påverka av menneska og tinga der. Ein kan også kalle dette for eit primærmiljø, då dette er barnet sine primære arenaer for sosialisering. Barnet vekslar mellom ulike relasjonar, roller og aktiviteter alt etter kva setting (bestemte fellesskap) det er i (Bøe 2012:171-172).

*Mesosystemet* er neste nivå i modellen, og her snakkar vi om samspelet mellom ulike mikrosystem. Meso betyr samband mellom ulike mikroar, og det kan ytre seg på ulike måtar; overlapping (familien på besøk på skulen t.d.), ved nærleik (gode naborelasjonar, i idrettslag), ved ikkje-fysisk kontakt (telefon, epost, facebook t.d) og ved pendling (t.d. mor bind saman heim og arbeidsplass). Dersom der er ein god relasjon mellom ulike mikrosystem, er det lettare å forhalde seg til dei (Bøe 2012:173-174).

Det neste systemet i modellen er *eksosystemet*. Dette er miljø som barnet sjeldan eller aldri besøker, men det førekjem likevel ting her som har betydning for barnet sitt liv og utvikling. Korleis mor og far trivest på jobb kan ha stor betydning for kvardagen til barnet, gjennom korleis dei møter barnet etter arbeidsdagen er slutt. Andre miljø foreldre er med i, er også med å påverke deira haldning og oppførsel overfor barnet.

*Makrosystemet* er den yste sirkelen. Med makro meiner ein samfunnet barnet lever i med alle verdiar, ritual, tradisjonar, økonomiske forhold, nasjonale veremåtar, ideologiar og kultur. Påverknaden frå makrosystemet vert formidla gjennom ekso, meso og mikro og inn til individet. Men påverknadane skjer ikkje utan filtrering, noko vert svekka, noko vert fordreia, medan noko vert forstørra.

Bronfenbrenner ser på det økologiske systemet som ein dynamisk organisme der dei ulike delane, på kvart nivå, verkar på kvarandre i gjensidige samspel- og støttemønstre. Men også i spennings- og motsetnadsmønstre. Påverknader frå mikro strøymer såleis også utover. Systemet er aldri statisk, det beveger seg og forandrar seg langs tidsaksen (sjå figur)(Bøe 2012:176-178). Dette syns eg forklarar på ein god måte mennesket si utvikling gjennom ytre påverknadar og indre menneskelege ressursar.

Før eg går over til analysen og drøftinga, vil eg ta med det familiepedagogiske synet på oppsedinga i familien og barnet si utvikling.

### **3.4 Familiepedagogikk**

Evenshaug og Hallen (1997) har utvikla eit omgrep dei kallar *familiepedagogikk*, og mykje av det dei peikar på innan familiepedagogikken, finn vi også igjen i den økologiske utviklingsteorien. Familiepedagogikken høyrer til i disiplinen religionspedagogikk.


Betegnelsen familiepedagogikk betyr at det er *oppsedinga i familien* som er utgangspunkt og siktepunkt. Når det gjeld den grunnleggande omsorg, sosialisering og kulturformidling i forholdet til neste generasjon, ser det ut til at familien i ein eller anna form er uerstatteleg. Difor er familien blitt kalla «personlegdomens vogge» og «hovedkvarteret for menneskeleg utvikling». Det er difor like naturleg at oppsedingsteorien tek utgangspunkt i familiesituasjonen, som at undervisningsteorien fortrinnsvis blir knytt til skulesituasjonen (Evenshaug og Hallen 1997:18).

Evenshaug og Hallen peikar på at foreldre har teoriar om kvifor dei gjer som dei gjer for å oppseda borna sine, anten dei er medvite desse eller ikkje. Dei meiner at mange nybakte

foreldre føler seg usikre på korleis dei skal oppdra borna. Difor kan andre instansar, som barnehage, skule og kyrkje, vere med på å fungere som støtter for foreldra i denne situasjonen (jmf. kap 3.1.6 om foreldre sine støttespelarar). Evenshaug og Hallen understrekar likevel at det er foreldra som har hovudansvaret for oppsedinga av borna sine (Evenshaug og Hallen 1997:19ff) og andre pedagogiske instansar har, ideelt sett, som oppgåve å styrke foreldra i denne oppgåva. Evenshaug peikar på at innhaldet i oppsedinga vert henta frå samfunnet og kulturen rundt barnet og familien, og det er oppsedaren som formidlar innhaldet:

*«Møtet med kulturverdiene skjer altså først og fremst gjennom personer. Barnet tilegner seg normer og verdier ved å møte disse i praksis- i første rekke konkretisert ved adferden til personer som står barnet nær.»* (Evenshaug i Mogstad 1992: 127 f)

Barn lærer altså ikkje grunnleggjande verdiar berre i dei situasjonane oppsedarane er medvitne påverknadar, men i alle situasjonar *«gjennom personer som er viktige for dem, gjennom det disse personene er og gjør»*(Evenshaug i Mogstad 1992:129). Evenshaug meiner at borna etterliknar dei vaksne, først foreldra, og seinare også andre som dei møter. Han understrekar at sjølv om barna blir påverka av dei rundt seg, tyder ikkje dette at dei er passive mottakarar. Barn arbeider aktivt med det dei møter, fortolkar det og påverkar også omgjevnadane sine (Evenshaug i Mogstad 1992:127ff). Evenshaug og Hallen har utvikla ein familiepedagogisk modell som viser samspelet mellom barnet og familiemedlemmar, og mellom barnet, familien og ulike institusjonar eller arena, der barnet møter andre som det kan knyte kontaktar med. I tillegg viser modellen kva rammer som verkar inn på livet i familien, som bustad, økonomi og arbeid (Evenshaug og Hallen 1997: 21). Den familiepedagogiske modellen etter Evenshaug & Hallen ser slik ut:



(Kjelde: Hallen 2006:45)

Modellen seier noko om at familien fungerer som ei vernesone om barnet, og filtrerer det som skjer i samfunnet rundt, slik at barnet får del i det foreldra ønsker eller meiner er best for barnet. Dette kallar Evenshaug og Hallen for filterfunksjonen. Dei gir eit døme på at foreldra kan bestemme kva barnet får sjå på tv, og for å verte eit enno «betre» filter kan dei sjå på programma i lag med barnet, og kanskje snakke med det om det dei ser (Evenshaug og Hallen 1992:20f). Det er altså gjennom å bestemme kva barnet skal bli påverka av, og ved å hjelpe barnet til å forstå og fordøye inntrykka familien fungerer som eit filter. Det er i følgje Evenshaug og Hallen gjennom foreldra barnet møter samfunnet og kulturen. Dette kallar dei den direkte filterfunksjonen. Gjennom det barnet opplever i familien meiner dei at det dannar referanserammer som alle andre opplevingar vert tolka ut i frå. Det foreldra gjer, eller let vere å gjere, påverkar korleis barnet oppfattar verda rundt seg, og gjennom dette fungerer familien som eit indirekte filter. Evenshaug og Hallen meiner at familien også bør fungere som eit normativt filter, då foreldra har hovudansvaret for oppsedinga, og dermed har rett til å bestemme kva som skal og bør påverke barnet (Evenshaug og Hallen 1992:21).

Det at familieerfaringane er grunnleggande, betyr ikkje nødvendigvis at dei er *avgjerande*. Når familien blir kalla den *primære* oppsedingsfaktor, er det fordi den kjem først, og fordi foreldra har hovudansvaret og førsteretten i oppsedinga. Dette inneber ikkje at den utan vidare betyr meir enn alle andre faktorar for utforminga av den vaksne personlegdomen.

Familiepedagogikkmodellen bygg på eit syn på barnet, på utviklinga og på oppsedinga som føreset at også *barnet sjølv* kan ta del i, og etter kvart overta stadig meir ansvar for utforminga av sitt eige liv og si eiga utvikling (Evenshaug og Hallen 1992:23).

Sidan primærsosialiseringa er grunnleggjande for tolkinga av seinare opplevingar, er det viktig at foreldra er medvitne kva som møter barnet denne første tida. Dette understrekar både familien og nettverket si betyding i trusopplæringa.

#### **Kapittel 4. Analyse og drøfting**

I denne analyse og drøftingsdelen, kjem eg først med ein presentasjon av informantane før eg utifrå dei fem delspørsmåla eg stilte i kap.1.1, analyserer og drøfter materialet frå teoridelen og intervjuet eg hadde.

#### **4.1 Presentasjon av informantane**

Eg hadde 5 foreldrepar som informantar, altså 10 personar. Det er ein styrke for undersøkinga at begge foreldra var til stades. I to av intervjuva var det mor som svarte mest, medan det i dei andre fordelte seg om lag likt. To av para var sambuarar, medan dei tre andre var gifte.

Foreldrepar 2 var dei yngste, 25 og 28 år, medan dei andre para var mellom 29 og 41 år. Det stemmer overeins med trenden i samfunnet at fleire får barn først når ein nærmar seg 30 eller i 30-åra. Eg bruker ikkje namn når eg siterer frå samtalen, eg bruker mor, far, jente eller gut om barnet. Dersom søsken vert omtala, bruker eg storebror, storesøster, veslebror eller veslesøster. I analysen refererer eg til foreldrepara etter nummer;

- Foreldrepar 1 har ei jente på 3 år og ein gut på 6 år.
- Foreldrepar 2 har ein gut på snart 1 år.
- Foreldrepar 3 har ei jente på 3 år og ei på 5 år.
- Foreldrepar 4 har ein gut på 1 år, ein gut på 4 år og ein gut på 7 år.
- Foreldrepar 5 har ei jente på 2 år og ein gut på 2 månader.

Det er dei yngste i familien eg har hatt fokus på, unntatt i foreldrepar 5 der det eldste barnet kom inn under målgruppa. Under samtale med foreldrepar 5, var far opptatt med andre ting ein periode av samtalen. Eg har prøvd å anonymisere informantane mest mogeleg då dei bur i eit bygdesamfunn der mange kjenner kvarandre. Minst ein av informantane i kvart par hadde vokse opp i bygdelaga i Vatne sokn, eller i eitt av nabosokna. Eg har ikkje delt foreldrepara inn i dei kategoriane som Øystese brukte i si foreldreundersøking jmf.pkt.1.2. då eg i mi undersøking ikkje spurte spørsmål om dei rekna seg som kristne eller ikkje. Dei fem foreldrepara, med unntak av ei mor, var alle opptekne av at barna skulle få opplæring i den kristne trua. Ingen av foreldra er aktive i kyrkja eller andre kristne miljø.

#### **4.2 Korleis er det å vere småbarnsforeldre i dagens Norge? Kva er dei største utfordringane desse foreldra har?**

Dette spørsmålet hadde eg ikkje med i intervjuguiden, men gjennom samtalen med informantane fekk eg ein del innspel til tematikken.

Frønes og Brusdal kallar samfunnet i dag eit utdannings- eller kunnskapssamfunn. Livsmønster og livsstil har endra seg svært mykje på dei siste 30 åra. Mange fleire tek utdanning og ventar med å stifte familie til dei er ferdig med utdanninga og har etablert seg i yrkeslivet. Mange småbarnsforeldre er i dag rundt 30 år når dei får sitt første barn. Vi ser at



endringa av livsstil er meir typisk for folk i store byar enn for folk utover på bygdene. Men den har spreidd seg utover landet (jmf.pkt.3.1.1). Utvida permisjonstid for både mor og far gjer at foreldre har høve til å vere heime med barnet det første leveåret, noko som mange nyttar seg av. God barnehagedekning ser ut til å føre til at fleire går ut i lønna arbeid etter at permisjonstida er over.

Levestandarden i Norge er mellom dei høgste i verda, men levekostnadane er òg høge. Det er dyrt å skaffe seg eigen bustad, noko som ofte fører til at begge foreldra må gå i fullt arbeid i etableringsfasen. Dette skjer då gjerne i småbarnsperioden, og fører til at mange foreldre kjenner på tidspresset. Ein ser likevel at nokre, spesielt mødrene, prioriterer å jobbe mindre utanom heimen i tida frå fødselen og fram til barna er 3 år, kontantstøttetida. Dei får då meir tid heime med familien. Grunnane til at det er mor som stort sett gjer seg nytte av kontantstøtta, kan vere forskjellige. Far kan ha ein betre lønna jobb, mor har jobb som lettare let seg kombinere med deltidsarbeid, tradisjon og verdival m.m. Eg trur at barnet sitt første leveår på mange måtar kan bli ei pustepause i yrkeslivet (jmf.Kitterød), og det trur eg er viktig då utviklinga til barnet er svært grunnleggande det første leveåret. Resten av småbarnsperioden blir gjerne veldig travel. Men treng det å vere slik? Eg meiner det er viktig ta vare på kontantstøtta slik at foreldre kan ha moglegheit til å velje å vere heime medan barna er små. Dette handlar om verdival og fleksibilitet for småbarnsforeldre. I dag er det eit stort press på at når du etablerer deg skal du ha hus/leilegheit, bil og meir til, og innbuet skal vere nytt og flott. Kjøpepresset er stort for unge familiar, og dei skal takle både barn, jobb, hus og heim på strak arm. Dette fører til at begge foreldra kjenner seg nøydde til å gå i full jobb utanom heimen. Elles går utviklinga i samfunnet rivande fort, og skal ein følgje med på alle trendane innan mote, teknologi og arbeidsliv må ein «vere på hogget» heile tida.

Heldigvis er der nokon som vågar å gå mot straumen, men det skal det mot til. Eg trur at ei av dei største utfordringane småbarnsforeldre har, er å ha nok tid til barna. Tid til å vere saman, lese saman, gjere kjekke ting saman, synge saman m.m. Eitt av foreldrepara eg intervjuar, meinte at noko av det viktigaste dei kunne gi barna, var tid og merksemd. Ved måltida skulle dei vere oppmerksame på kvarandre;

*«Oss skal sitje i lag og oss snakkar i lag. Oss har ikkje telefonar, oss har ikkje aviser, oss skal sitje i lag og prate med kvarandre»(Foreldrepar 5 mor).*

Kvardagane vert ofte hektiske og ein skal gjere bevisste val dersom ein vil prioritere tid saman med barna. I det siste har det vore ein del skriverier om mødrer som bruker mobilen

når dei ammer og liknande, og jordmødrer har «ropt eit varsku». Det er ei utfordring for småbarnsforeldre at teknologiske hjelpemiddel stel merksemd frå barnet.

Tida spelar òg inn på den kristne oppsedinga. Dersom heimen skal opplevast som ein trygg stad, må kjærleik og omsorg prege heimen. Foreldre som vil at barna skal få ei kristen oppseding treng å bruke tid til å lese bibelforteljingar, synge songar og liknande. Og barna må få møte det kristne fellesskapet gjennom samlingar tilrettelagt for dei. Det er ei utfordring at det i dag er mange ulike religionar og trusretningar som pregar samfunnet vårt. Foreldre kan bli usikre på kva kristendomen står for, men på den andre sida kan dette få foreldre til å bli meir bevisste på den kristne trua. Kyrkja har eit ansvar for at dagens foreldre kan bli trygge på kva dei skal formidle til barna sine, og det er kyrkja sitt ansvar å bygge relasjonar til foreldra slik at den kan bekrefte dei og støtte dei som trusopplærarar for barna sine. Det er difor eg meiner at dåpssamtalen er ein hjørnestein, for her er det mogeleg for kyrkja å bygge gode relasjonar som ein kan ta vare på og bygge vidare på etter dåpen.

Ein annan ting som kan vere ei utfordring for småbarnsforeldre er mobiliteten i samfunnet. Mange bor langt frå slekt og familie og har ikkje den trygge ramma som slike familieband gir. Det gjer det meir vanskeleg når barna blir sjuke og treng tilsyn, og det gjer det meir vanskeleg for foreldre å få seg ein kveld fri saman.

#### **4.3 Kva verdiar, grenser og vaner er dei viktigaste småbarnsforeldre ønsker å formidle til barnet sitt?**

Barnet knyt seg til foreldra med ein gong det blir fødd. Kanskje aller mest til mora dei første månadane, sidan ho har bore fram barnet og ofte ammar det dei første månadane etter fødselen. Tilknyttinga til foreldra er viktig for barnet. Bowlby hevder at barn knyt seg til dei som gir dei omsorg uansett korleis dei blir behandla, for å overleve (jmf.pkt.3.2). Han kallar relasjonserfaringane som barnet får med omsorgspersonane, *indrearbeidsmodellar*.

Tilknyttingserfaringane blir grunnlagt tidleg og kan bli brukt seinare når barnet møter andre menneske. Informantane mine var opptekne av å gi barna omsorg og kjærleik. Dei var opptekne av at heimen skulle vere ein trygg stad, ein trygg base, som Salter omtalar det som (jmf.pkt.3.2). Eg trur at alle foreldre i utgangspunktet ønsker å gi barnet tryggleik og omsorg, men ikkje alle har dei same føresetnadane til dette. Dette kan kome av at deira eigne *indrearbeidsmodellar*, relasjonserfaringane, i tidleg alder ikkje ga dei tryggleik og omsorg. Då har dei kanskje ikkje moglegheit eller evne til å gi sine eigne barn dette. Men på den andre sida treng ikkje desse tidlege erfaringane som mor og/eller far har hatt, vere avgjerande for

korleis dei vil takle den nye foreldrerolla. Evenshaug og Hallen seier at sjølv om familieerfaringane er grunnleggande, betyr det ikkje nødvendigvis at dei er avgjerande (jmf.pkt.3.4). Innan familiepedagogikken føreset ein at barnet sjølv kan ta del i utforminga av eige liv, og etter kvart ta stadig meir ansvar for utforminga av sitt eige liv og si eiga utvikling. Nokon utviklar seg til å bli gode og omsorgsfulle foreldre «på tross av» deira relasjonserfaringar dei første leveåra. Vi kan også sjå at sjølv om foreldre har hatt gode og trygge rammer i sin eigen heim, så klarer dei ikkje å gjennomføre det sjølve. Dette kan det vere ulike grunnar for, dei kan mellom anna ha møtt vanskar i barne- eller ungdomsåra som dei har takla dårleg. Og det kan skape problem under stifting av eiga familie.

Informantane mine brukte ord som trygg heim, tryggleik, trygge rammer, omsorg, dekke grunnleggjande behov, kjærleik, trygge og gode rammer, stabilitet, merksemd, tid, om det viktigaste dei ville gi barna sine. Eg kjenner ikkje foreldra godt nok til å kunne seie om dei verkeleg kan gjennomføre dette. Men klarer dei det, vil barna deira truleg vekse opp med gode *indrearbeidsmodellar*. Foreldre som ikkje klarer det, får barn som møter omgjevnadane med meir skepsis og utan tryggleik.

Fleire var inne på at grensesetting er viktig;

*«Og så er det sjølvsagt det med grensesetting, det er kjempeviktig å sette seg ned å snakke, grenser treng dei jo» (Foreldrepar 3 mor).*

*«...at dei får nei, eit konsekvent nei, så dei ikkje blir forvirra og grenselaus» (Foreldrepar 3 far).*

*«Når dei er små, så handlar det om at ungane blir trygge på kven som bestemmer og at dei har ei 'forutsigbarheit' for korleis foreldra opptrer» (Foreldrepar 4 far).*

*«Prøver å ha litt reglar og rutinar, då er det mykje lettare, då veit ein kva som er forventa» (Foreldrepar 1 mor).*

Grensesetting er med å skape tryggleik. Foreldra meiner at barna blir trygge av å ha faste grenser og det har dei støtte i teorien på. Men dei er ikkje sikre på at dei klarer å vere konsekvente heile tida. Det er vanskeleg for mange, det kan vere ekstra vanskeleg når barnet slår seg heilt på tverke. Men klarer dei å ha faste rutinar og reglar, er det mykje lettare for både foreldre og barn, då veit dei kvar grensa går, sjølv om barna vil prøve å teste ut grensene. Det er ved å teste ut dei lærer kvar grensene går. Som far i foreldrepar 4 seier; *«at dei har ei 'forutsigbarheit' for korleis foreldra opptrer»*. Barn som ikkje har faste grenser, vert usikre og kjenner seg utrygge på kva som er lov å gjere. Fridomen dei har til å gjere det dei vil, trur eg vil gjere dei utrygge og møtet med andre barn og vaksne vert vanskelegare. Små barn treng

respons og merksemd for å utvikle seg til trygge barn, og dei treng at familien opptrer som ei vernesone (jmf.pkt.3.4).

Foreldrepar 5 la vekt på at det var viktig å gi barna merksemd og tid:

*«Oss er vel nokså einig i å gi barna mykje tid» (Foreldrepar 5 far).*

Far er overtydd om at den tida ein investerer når dei er små, får ein igjen mangedobla seinare, og dette har begge foreldra eit bevisst forhold til. Dette er interessant, då svært mange foreldre i småbarnsfasen kjenner på «tidsklemma», og synest dei får for lite tid saman med barna.

Utviklinga i samfunnet vårt har ført til at mødrer har auka tida i yrkesarbeid betydeleg, medan arbeidet i hus og heim har blitt kraftig redusert. Sjølv om fedrar bruker noko meir tid til arbeid i hus og heim enn tidlegare, tilsvarar ikkje auken hos fedrane nedgangen hos mødrene (jmf.pkt.3.1.1). Hos foreldrepar 5 har mor morspermisjon etter at barn nummer to er fødd, medan far går i full jobb. Dette er den vanlegaste fordelinga etter at foreldre har fått barn. Det ser ut for at Kitterød sitt resonnement om at den tidlege småbarnsfasen utgjer ein pustepause i yrkesaktiviteten til foreldra, stemmer i denne familien. Mor ga i småpraten før intervjuet uttrykk for at ho seinare kunne tenkje seg å satse på ein meir interessant jobb enn den ho hadde i dag. Sidan desse foreldra er så bevisst på tidsbruken saman med barna, vil truleg deira prioriteringar bli prega av dette i tida som kjem også. Kontantstøtta kan også gi foreldra sjansje til å velje å bruke meir tid saman med barna når dei er små (jmf.pkt.3.1.1). På den eine sida ser vi at kontantstøtta gir foreldra moglegheit til å vere meir heime medan barna er små, samtidig som presset i samfunnet er stort for at også mor skal gå ut i arbeid når morspermisjonen er over. Fleire og fleire har barna sine i barnehage frå dei er om lag 1 år, i alle fall der barnehagedekninga er god. Det vert såleis færre barn som er heime med ein omsorgsperson, og det sosiale behovet for barn og forelder er meir vanskeleg å få dekkja.

Nokre av foreldra meinte det var viktig å jobbe med at barna skulle bli trygge på seg sjølve og at dei som foreldre skulle vere gode eksempel for barna sine. Mora i foreldrepar 4 seier det slik: *«Det er viktig å vere til stades mentalt, ta barna på alvor, snakke med dei og gi dei tryggleik for at vi er der for dei» (Foreldrepar 4 mor).*

Far i foreldrepar 1 seier at foreldra må vere trygge på kvarandre, og vise det overfor barna; *«..foreldra er no dei beste eksempla for ungene, dei gjer det same som foreldra».*

Far får støtte frå Evenshaug der han seier; *«Barnet tilegner seg normer og verdier ved å møte disse i praksis – i første rekke konkretisert ved adferden til personer som står barnet nær»* (jmf. pkt.3.4). Dette trur eg Evenshaug har heilt rett i. Vi seier gjerne at måten vi handlar og oppfører oss på, er mykje viktigare enn det vi seier. I alle fall om det ikkje stemmer overeins.

Barna avslører raskt vaksne som ikkje er konsekvente i forhold til det dei seier og gjer. Difor har familiefar 1 rett i at foreldra er dei beste eksempla for dei, og difor er det viktig at foreldra oppfører seg slik at barna blir trygge, at dei oppfører slik dei ønsker barna skal oppføre seg.

Barn ser og lærer, men dei er ikkje passive mottakarar. Dei arbeider aktivt med det dei møter, fortolkar det og påverkar også omgjevnadane sine jmf. Bronfenbrenner sin sosialiseringmodell. Informantane mine såg på familien som den viktigaste staden for læring og sosialisering, spesielt når barna var små. Dei er klare på at det er foreldra som må sette grenser for dei, og at barna må lære kva som var rett og galt. I familiepedagogikken vil ein kalle dette direkte filterfunksjon. Mor og far i foreldrepar 1 vil at barna skal lære seg å vere snill mot andre, vere høflege, seie unnskyld og takke for maten. Mor sa at dei snakka mykje om det å vere snill mot andre. Foreldreparet gir med dette uttrykk for at dei ønsker at barna skal ha det vi før kalla *vanleg folkeskikk*. Vi har sett trendar i det norske samfunnet som kunne tyde på at *vanleg folkeskikk* var på veg ut. Sjølvhevdning og lite respekt for autoritetar utvikla seg utover 90-talet, og den såkalla «frie oppsedinga» fekk friare spelerom. Men det kan sjå ut som om denne trenden er på veg til å snu. Vi er nok ikkje på veg tilbake til slik det var før, men dei foreldra eg snakka med var tydelege på at grenser er nødvendige i oppsedinga. Eg er einig med foreldra i dette, på same tid som eg meiner det er viktig at barnet får kome med sine meiningar som foreldre må lytte til etterkvart som det veks. Barn er ulike, difor er det viktig å sjå korleis barnet reagerer og ta omsyn til det. Mor i foreldrepar 5 uttrykte seg slik:

*Eg syns oss er veldig bevisst då, sånn på grensa til at folk syns oss er litt streng. Oss er tydelig på korleis du skal oppføre deg mot andre, korleis du skal prate med andre, fokusera litt på tone og korleis dei skal oppføre seg når dei er i lag med andre ungar, spesielt dette med å dele og sånne ting då. Det jobba oss veldig mykje med.*

Dette foreldreparet er svært bevisst på korleis dei ønsker at barna skal oppføre seg overfor andre. Dei same foreldra er samtidig bevisste på å bruke tid og gi barna omsorg og merksemd. Dei vil ha ein heim som er ein «trygg base», med trygge rammer og klare grenser. Mor ga inntrykk av at nokon reagerte og syntest dei var strenge, men ho er overtydd om at det dei gjer er det beste for barna. Det er vanskeleg for ein utanfrå å seie om oppsedinga er for streng eller ikkje, men forskinga innan tilknytningsteori viser at dersom barnet får tryggleik og omsorg, så utviklar det seg som oftast til eit trygt barn. Mor i foreldrepar 3 seier at dei jobbar for at barna skal bli trygge på seg sjølve. Ho gir ved fleire høve innspel på at deira barn er litt forsiktige og treng sosial trening.

«Vi var forsiktede då vi var små begge to, så....» (viser til seg sjølv og far). Far i foreldrepar 3 seier;

*Glad for at dei går i ein liten barnehage med trygge, gode personar rundt seg, og det med personleg erfaring, etter å ha gått heime med ho mor og rett til skulesituasjon, det vart ein brå overgang, noko eg ikkje ønsker for mine barn. Ønsker å ta det litt etter kvart, bli trygge på seg sjølve og andre, fungere saman med andre. Å bli med på arenaer som kyrkje, korps eller andre sosiale settingar.*

Det far meiner kan vi forklare ut frå Bronfenbrenner sitt *mikrosystem*. Samspelet som barna har med dei dei møter ansikt til ansikt er med på å sosialisere barna, og i den grad dei har eit trygt, føreseieleg primærmiljø, vil barna bli trygge menneske. Far set pris på at barna går i ein liten barnehage der dei har trygge personar rundt seg, og dette vil, saman med familien hjelpe barna til å fungere betre i andre miljø også. I familiepedagogikken er det familien som er utgangspunkt og siktepunkt, og den har mykje til felles med den økologiske utviklingsteorien til Bronfenbrenner. Familien er sentrum og utgangspunkt, og dermed svært viktig for barna si utvikling på alle måtar. Far ser på barnehagen som ei støtte i oppsedinga. Dersom barna ikkje hadde trivest i barnehagen, ville den truleg ikkje bli opplevd som ei støtte for familien.

Spesifikke kristne verdiar, vanar og ritual tek eg opp under pkt.4.6.

#### **4.4 Kvifor vel foreldre å døype barnet sitt?**

Dåpen har lang tradisjon i vår kyrkje, og sjølv om ein ser ein stor nedgang enkelte stadar i landet, så opplever vi på våre kantar å ha stor oppslutning om dåpen. Eg lurte på bakgrunnen for at informantane mine valte å døype barna sine, og opplevde at fire av para ikkje hadde diskutert *om* dei skulle døype, det var berre noko som var naturleg å gjere. I den eine familien var mor og far var ueinige om oppsedinga, og dei hadde diskutert om dei skulle døype og var blitt einige om å gjere det. Far seier det slik;

*Og så har du det tradisjonelle med tradisjonane og ritual i samfunnet vi lever i. Eg vektlegg jo begge elementa då (også den kristne biten med oppseding). Eg tenkjer at vi som nordmenn på ein måte er eit kristent folkeslag, sånn som vi har det då, det som ein kallar personleg kristen, det er sekundært viss ein ser det i det perspektivet at vi på ein måte er kristne. Og eg tenkjer at det kan vere ein verdi i seg sjølv å ivareta dei kristne tradisjonane i forhold til rituala og heilagdagane og slikt. Men viss vi hadde*

*vore superkonsekvente då hadde vi kanskje ikkje døypt barna våre, i og med at vi ikkje var heilt einige om dette her då.*

*...ein kan jo seie det sånn at vi har døypt barna våre fordi vi har ei felles forståing, at vi kan...kva heiter det no..den tradisjonelle eller kulturelle biten (Foreldrepar 4 far).*

Mor seier seg einig med far i at dei har gjort det for å halde fast på ritene og ta vare på kulturarven. Og dei var einige om at der nok låg eit visst press frå familien om å døype barna. For dei andre informantane var det tradisjonen som var gjennomgåande grunngeving for dåpen. Det at dei sjølve var døypte og at alle andre i familien var det, var viktig.

*Var naturleg å gjere det. Alle snakkar om tradisjon og sånn, og det kan vi sjølv sagt ta med , men eg tenkjer nok at vi ikkje gjer noko gale med å døype dei då. Gjer ikkje noko vondt med å døype dei..... Så slepp dei å ta valet seinare sjølv,- syns ein gir dei det enklaste valet med å døype dei i forhold til konfirmasjon. Det er fint å gjere det, og det var naturleg. Kyrkja er på mange måtar eit godt rom å vere i. (Foreldrepar 3 mor)*

Far i foreldrepar 3 uttrykkjer seg slik; «*Det er fint og symbolsk,- ein velkomst på ein måte. Positiv stemning over det.*»

Mor i foreldrepar 5 seier at det var udiskutabelt for henne; «*Klart oss skal døype!*» Ho seier vidare at det var heilt naturleg, begge foreldra er døypte, det var berre eit spørsmål om *når*. Ho var også inne på det same som mor i foreldrepar 3 at det kan no ikkje skade å døype barna. Alle informantane brukte tradisjon som grunngeving for dåp, sjølv om dei brukte ulike ord. Som nemnt under pkt.3.1.3 tolkar Ida Marie Høeg vektlegginga av tradisjon som ei fellesskaps erklæring til det norske samfunnet, og som eit uttrykk for å involvere barnet i ein felles kultur. Dette pregar haldninga til informantane mine. Kanskje spesielt mor i foreldrepar 4 og begge foreldra i foreldrepar 2. Foreldrepar 2 var svært bevisste på å ta vare på tradisjonen i begge sine familiar, og at dåpen var eit ledd i ta vare på denne tradisjonen. Eva Reimers sine funn i Sverige om at dåpen forankrar både dei sjølve og barnet i slekta, stemmer godt for denne familien (Reimers 1995:104). Elles stemmer funna Øystese har gjort i Foreldreundersøkinga godt med det eg fann; tradisjon er viktig, men dei fleste legg meir i dåpen enn at det berre er tradisjon. Slik seier far i foreldrepar 1 det; «*Eg kan ikkje seie at eg er ein veldig kristen person, men kva skal eg seie, eg har no trua. Det er ikkje alt som er like lett å tru på og forstå, men eg syns alle dei tinga i kyrkja er ein veldig fin sermoni.*» (Foreldrepar 1 far)

Bak denne uttalen ligg ei vedkjenning av tru, sjølv om han ikkje ser på seg sjølv som «*ein veldig kristen person*». Ein kan samanlikne denne uttalen med det alternativet som i Foreldreundersøkelsen blir kalla Kristen 2; *Eg er kristen, men ikkje slik kyrkja lærer*. Eller som Medlemsundersøkelsen kalla det; *Kristen, men ikkje vedkjennande*. Eg trur at mange som i dag reknar seg som kristne, ikkje kjenner seg heime i kyrkja. Dei har si tru, men finn ikkje rom for seg sjølv i kyrkjelyden. For mange småbarnsforeldre er det òg snakk om prioritering av tid. Det er så mange ting dei skal rekke over, vekene er hektiske med jobb, barn og hus, og helgene blir brukt til avslapping eller familierelaterte aktivitetar.

9 av dei 10 informantane mine såg på dåpen som viktig, sjølv om ulike ting vart vektlagt. I tillegg til tradisjon la dei slike ting i dåpen; ønske om å gi barna ei kristen oppseding, den gir tryggleik, ønske om at barna skal vere ein del av kyrkja og dei har ei kristen tru. På den eine sida er det tradisjon som er hovudgrunnen til at dei vel å døype, det høyrer liksom med i vår kultur og i vårt samfunn. På den andre sida så betyr det meir enn berre tradisjon for dei, dei opplever det «*fint og symbolsk, som ein velkomst på ein måte*», som ein av fedrane uttrykte seg. I Medlemsundersøkelsen fann Høeg at majoriteten av dei foreldra som døyper barna sine, gjer det på grunn tradisjon og at dei sjølve er døypte, og at dåpen gir betre moglegheit til å velje sjølv seinare i livet. Fleire av mine informantar var innom desse grunngevingane. Medlemsundersøkelsen viser òg at halvparten av medlemmane i kyrkja har ei religiøs grunngeving som den viktigaste grunngevinga for å døype. I Foreldreundersøkelsen gir om lag 6 av 10 dåpsforeldre uttrykk for ein kristeleg/åndeleg motivasjon for å bere barnet til dåpen. Dette viser at informantane mine er på linje med mange andre som døyper barna sine.

Men sidan majoriteten av foreldra har eit åndeleg syn på dåpen, kvifor er det då så få som søkjer til kyrkja til andre tider? Kanskje finn vi noko av forklaringa i Inger Furseth si forklaring på at synet på religion har endra seg. Ho meiner den største endringa er at ein yngre generasjon tenkjer og formulerer forholdet sitt til religion på andre måtar enn ein eldre generasjon. Dette gjeld både religiøs praksis, førestillingar om tru og samanheng mellom religion og verdiar, hevdar ho. Det har blitt meir «stovereint» å tru på sin eigen måte, utan å slutte opp om fastsette trussetningar, og delta i organisert og kollektive rituelle samlingar. «..... *de lar seg mindre styre av religiøse autoriteter når det gjelder hva de skal tro*», hevder Pål Repstad. Dette kan sjølv sagt vere noko av forklaringa til at dei fleste dåpsfamiliane ikkje er engasjerte i kyrkjelyden. Men den gir neppe det fullstendige svaret. Kan det tenkjast at grunnen til at dei fleste ikkje er å sjå er at dei ikkje kjenner seg heime i kyrkja? Gir mange



berre blaffen, dei har døypt barnet sitt og det får vere nok? Klarer kyrkja å skape gode møtepunkt for foreldre og små barn? Her vil nok svara variere alt etter korleis kyrkjelyden fungerer, og etter kva tilbod den har. I Vatne kyrkjelyd har dei lukkast godt med familiegudstenestene sine, som dei kallar «Sprell levande gudstenester». Desse gudstenestene er knytt opp mot trusopplæringa, der spesielle grupper er invitert, og dei har då god oppslutnad. Men for aldersgruppa 0-3 år har dei berre Minifesttilbodet ein gong i året, og det har hatt dårleg oppslutnad.

Alle informantane mine ga positive tilbakemeldingar på dåpen og dåpsgudstenesta.

I neste avsnitt går eg inn på korleis foreldre ser på dåpsløftet, samt kva kristne verdiar, grenser og vanar dei praktiserer i heimen. Eg tek også med litt om korleis foreldre ser på fadrane sitt ansvar i forhold til dåpsløftet.

## **4.5 Korleis ser foreldre på dåpsløftet?**

### 4.5.1 Foreldra

Kyrkja ser på foreldra sitt primære oppsedingsmandat som ei gudvillig ordning (jmf.pkt.3.1.5). Foreldra har fått ansvaret frå Gud til oppsede og lære opp barna sine. Gjennom dåpsløftet har foreldra fått: «*eit heilagt ansvar til å vise omsorg for barna, be for dei, lære dei sjølv å be og hjelpe dei å bruke Guds ord og delta i den heilage nattverden*» (jmf.pkt.1.4). Fleire av informantane mine vart litt «beklemt» då eg tok opp spørsmål omkring dåpsløftet. Dei innrømte at det var fleire punkt der dei ikkje følgde opp. Men då vi snakka om kristne verdiar, ritual og vanar, var dei fleste svært positive. Kva er det som gjer at innhaldet i dåpsløftet gjerne blir sett på som uoppnåeleg for «vanlege» folk? Kan kyrkja klare å vere tydeleg på kva som blir forventa gjennom å bruke eit språk som dei fleste kjenner seg komfortable med? Kan kyrkja klare å bekrefte foreldra som trusopplærarar for barna sine gjennom å bruke andre ord? Eg trur kyrkja kan oppnå mykje med å snakke eit språk som alle forstår, men det betyr nødvendigvis ikkje at liturgien må endrast. Dåpssamtalen er fint å bruke for å gi innhald til dåpsløftet som brukeleg og forståeleg, og Minifest-konseptet til Vatne kyrkjelyd er også eit konsept der dette bør vere tema.

Eg vil her ta med ein del frå undersøkinga mi som går på spørsmål omkring kristne verdiar, ritual og vanar. Dette meiner eg har nær samanheng med innhaldet i dåpsløftet. 3 av 4 foreldre i Foreldreundersøkelsen meiner at dåpen forpliktar til å gi barnet ei kristen oppseding. Kva innhald dei meinte dette skulle ha, varierte frå å vere ei oppseding der moral, kjærleik og

tryggleik sto i fokus, til det meir spesifikt kristne som at barna lærer å ha eit personleg forhold til Jesus (jmf.pkt.3.1.5). Far i foreldrepar 2 uttrykkjer seg slik; «*Det er mykje kristendomen stend for som er slik som oss vil ta med oss vidare. For å seie det slik så er det å oppsede barn i ein norsk kultur ganske likt, slik ein kan tolke det på det kristelege også.*»

Eg forstår far slik at han meiner at når ein oppsedar eit barn i norsk kultur, så er det ei kristen oppseding. Mogstad seier at utifrå luthersk tankegong kan ein forsvare at all god oppseding er ei kristen oppseding (jmf.pkt.3.1.4). Foreldrepar 2 er svært bevisste på at dei vil bygge på tradisjonen som dei har fått med seg frå sine heimar, og dei syng både folkeviser og religiøse songar når barnet skal legge seg på kvelden. Dei ønsker også at barnet skal bli kjent med bibelforteljingane. Det norske samfunnet har vore homogent og prega av den kristne tradisjonen, og foreldrepar 2 meiner at dette er eit gode og ønsker å ta med seg dette vidare. I dag er samfunnet meir pluralistisk, og det ser ut for at religiøs pluralisme har blitt akseptert både av truande og ikkje-truande (jmf.pkt.3.1.2). Det er ikkje alle som er einig i det synet som Mongstad står for, men eg synes det gir god meining. Den lutherske tankegangen om eit verdsleg og eit åndeleg regiment, brukt i denne samanhengen, synes eg forklarar godt skilnaden på ei vanleg, god, kristen oppseding og ei meir spesifikk kristen oppseding. Eg trur også at fleirtalet av «vanlege» foreldre som kjem til kyrkja med barnet sitt for å døype det, kan vere einig i dette (jmf.Foreldreundersøkelsen).

Far i foreldrepar 3 seier at han er spesielt glad for å sjå at barna viser *empati* overfor andre og kvarandre. Han synes det er viktig at dei bryr seg om kvarandre og; «*går litt utanom seg sjølv, og skjønner når andre treng noko*». Mor supplerer med at det er litt vanskeleg før dei er 3 år, men er klar på at dei må begynne å jobbe tidleg med det. Empati har med forholdet vårt til andre menneske å gjere, det å bry seg om og vise medkjensle. I kristen terminologi kan ein bruke ordet *nestekjærleik*, og det er eitt av dei to boda Jesus held fram som dei viktigaste («*å elske Herren din Gud....., og elske nesten din som deg sjølv*» (Bibelen Matt.22,37-39)). Fleire av informantane meinte at det å bry seg og ta omsyn var viktig. Når eg bruker ordet *nestekjærleik*, så er det for å vise at kristne ord og uttrykk også kan forklare og utdjupe ord som blir brukt innan psykologi, sosiologi m.m. Sekulære og moderne menneske kjenner seg gjerne meir heime i annan terminologi. Mor i foreldrepar 3 meiner det er viktig å begynne å jobbe med desse tinga tidleg, sjølv om ho ser at det kan vere vanskeleg for små barn å forstå dette. Men er det verkeleg nødvendig å begynne med dette før barna er 3 år? Eg trur at dei haldningane vi vil at barna skal ha, må ein starte tidleg med. I leikesituasjonar er små barn svært egosentriske; «det er min», «eg vil ha den», så dei treng å få korrigerings tidleg på kva

foreldra meiner er rett og galt. Mor i foreldrepar 5 seier det slik; «*Eg tenkjer mykje på det med verdiar, det er grunnfesta i meg, du skal vere god mot andre, du skal måtte godta alle.*

*Likeverd, det er veldig viktig!*» Mor gir her uttrykk for at det er viktig å tenkje på andre og godta andre. Gjennom si eiga oppseding har verdiane blitt grunnfesta i henne, og dette vil ho gjerne gi vidare til sine eigne barn.

Når det gjeld kristne rutinar som kveldsbøn og bordvers, så hadde tre av familiane faste kveldsbøner dei brukte. To av desse familiane brukte fleire songar, og då gjerne både kristne og «ikkje-kristne» songar, medan den eine hadde ein fast song kvar kveld: «Kjære Gud eg har det godt». Hos foreldrepar 1 brukte mor å synge «Kjære Gud eg har det godt» då barna var mindre (yngste hadde no fylt 3 år). Ho gjer det ikkje lenger, men stiller seg sjølv spørsmål ved kvifor ho ikkje gjer det. Hos foreldrepar 4 er dei ueinig om oppsedinga, difor vert det ikkje brukt noko fast kveldsbøn, men far i familien ber kveldsbøn med barna 1-2 gongar i veka, han bruker frie takkebøner og velsigninga, og syng kristelege songar. Med å bruke kristne kveldsbøner, tek dei vare på ein god kristen tradisjon samtidig som dei er med på å skape tryggleik i leggesituasjonen. Far seier det slik; «*Vi er ueinig i det med tru og oppseding, eg vil gjerne at vi skal synge for maten og sånn, så vi syng for maten av og til.*» Mor gir uttrykk for det på denne måten;

*Vi har diskutert veldig mykje om sånne ting, om kristendomen, kva vi skal gi ungene våre. Eg tenkjer ikkje at det nødvendigvis er kristendomen som kjem først, at det er den gode måten å vere på, eg tenkjer heller at det er motsett, at moralen finns i mennesket, at den ligg der ganske bra forankra.*

Mor er òg opptatt av å skape tryggleik ved leggestundene, ho snakkar då ofte om «viktige ting», og syng gjerne for og med dei. Dette foreldreparet har ei utfordring når det gjeld den spesifikt kristne oppsedinga. Eg forstod paret var einige om at barna skulle få oppseding i den tradisjonelle og kulturelle delen av oppsedinga, men når det gjekk på det spesifikt kristne, så var dei ueinige. Far, som sjølv vedkjenner seg som kristen, vil gjerne at barna skal få ei kristen oppseding med opplæring i trua, gjerne med deltaking på arrangement i kyrkja sin regi. Dette fører til at han må «forhandle» med mor om å få ta med barna på slike arrangement. Denne familien er ikkje åleine om ein slik situasjon. I Foreldreundersøkelsen svarar 14% at det var den andre parten som ville at barnet skulle bli døypt, medan langt fleire svarte dette i Medlemsundersøkelsen (65%). Korleis dei løyser situasjonen vil vere ulikt frå par til par, men dette kan føre til konflikhtar som kan tære på forholdet. Eg trur i alle fall det vil

vere lurt å snakke skikkeleg saman og finne løysingar som er til det beste for barna. Kva som er det beste for barna, kan nok diskuteras. Men eg er sikker på at tryggleik i heimesituasjonen er veldig viktig slik at barna får gode *indrearbeidsmodeller* (jmf.pkt.3.2).

Informantane mine vil gjerne at barna skal få lære bibelforteljingar, og dei fleste har ulike bøker heime, både barnebiblar og andre bøker. Dei synes at det er ein fin måte å lære barna om kristendomen på. Alle les for barna, anten ved sengekanten eller til andre tider. Dei foreldra som har barna i ein barnehage med utvida kristen formålsparagraf, seier dei er glade for det og at dei der får høyre bibelforteljingar og lære å synge for maten. Dette var positivt syntes dei. Far i foreldrepar 4 seier dette om historieformidling:

*Det er jo sant som du seier at der er no veldig mange historier som kan vere greitt å ha lest av kulturell art...der er jo nokon som er religionsnøytrale, nokon med moralske aspekt som går an å snakke om i ettertid. For eksempel «Den bortkomne sonen» eller dei som har med tilgjeving å gjere.»*

Far er opptatt av at borna skal få lære kristendomen sine forteljingar å kjenne då forteljingane også har ein kulturell verdi i det norske samfunnet. Mor vil ikkje at barna skal sjå på kristendomen som den einaste mulege religionen (jmf.pkt.4.2). Far som reknar seg som kristen, vil gjerne bruke forteljingar i oppsedinga som har verdi og læring i seg også om du ikkje høyrer til kyrkja eller er kristen. Her ser han ei moglegheit for kompromiss med mor som også har sans for det tradisjonelle, ritene og kulturen. Ho kjenner seg knytt til sjølve kyrkjebygget i Vatne.

Gode bøker med bibelforteljingar er gode reiskap i kristen oppseding. Eg meiner at kyrkja med frimod kan utfordre foreldra til å lese slike forteljingar. Dette er ein fin måte å drive trusopplæring på, og dette er absolutt noko som foreldre er best på overfor sine egne barn. Foreldra treng kanskje hjelp til å finne gode bøker som passar til barn i ulik alder, og dette kan kyrkja gi foreldre hjelp til på samlingar der småbarnsforeldre er representert.

Når det gjeld bøn, uttalar far i foreldrepar 1 seg svært positivt til eiga erfaring frå ei bestemor som bad for alle sine:

*«Mormora mi bad for meg så lenge ho levde,- det ser eg på som positivt!»*

Mor supplerer far om bøn:

*«Vi har ikkje bedt noko sånn for ungene, vi har ikkje rutine for det nei....men eg hugsar eg bad mykje då eg var liten.»*

Mor hadde tatt aktivt del i kristne aktiviteter i oppveksten, søndagsskule, barnekor og Ving. Ho gav uttrykk for at dette var positive minner. Her gir foreldra uttrykk for at dei synes det er positivt med bøn, men at dei ikkje praktiserte det sjølv no. Dette kan ha noko med heile deira haldning til kristendomen og kristen tru å gjere, at dei reknar seg tilhøyrande, men ikkje praktiserande. Eller for å bruke Øystese sin terminologi, kristen, men ikkje slik kyrkja lærer (kristen 2). Sjølv om det i dåpsløftet vert sagt at ein skal be for barnet og lære det sjølv å be, er ikkje dette noko som informantane mine praktiserer. Dette kan sjølv sagt kome av at dei ikkje har noko aktivt bønreliv, og at det dermed er fjernt frå dei. Sidan mange praktiserer kveldsbøn, så lærer dei barna å be. Eg trur også at vi gjennom enkle grep i dåpsamtalen kan utfordre foreldra til å be for barna sine, gjerne ved å bruke ei velsigning. Å lage korte ritual som er enkle å gjennomføre, kan vere ein måte å få foreldre til å begynne å be for barna sine.

#### 4.5.2. Fadrane

Sidan fadrane også har sagt ja til dåpsløftet, tek eg med litt om korleis foreldra ser på fadrane si oppgåve.

Far i foreldrepar 1 seier; *«Det er stas å bli spurt om å vere fadder»*. Alle foreldrepara hadde brukt familie, besteforeldre og søsken. Og nokon hadde brukt gode og nære vennar i tillegg. *«Må vere nokon som er veldig nære»* (Mor i foreldrepar 4).

*«Tenkte på at venninna mi er frå eit kristent miljø, tenkte det var ein fin ting å gjere, i tillegg er ho ei god venninne..... så det har no vore litt sånn bevisst i forhold til kven vi har valt»* (Mor i foreldrepar 3).

*«La vekt på at det ikkje skulle vere så mange, det skal vere på ein måte nokon du har tiltru til. For meg har det alltid vore sånn at det eg har følt det er noko spesielt med å vere fadder»* (Far i foreldrepar 5).

Foreldra ville ha nokon dei har tiltru til og som står dei nær som fadrar. Dette kom også fram i Foreldreundersøkelsen, foreldra ønsker at fadrane skal ha eit nært forhold til barnet, vere til stades for barnet og bry seg om det (jmf.pkt.3.1.6.1). Foreldrepar 3 hadde bevisst valt nokon til fadder som var vedkjennande kristne, sjølv om dei ikkje sjølve rekna seg mellom dei. Elles viser Foreldreundersøkelsen at foreldre har ulike forventingar til fadrane, nokon forventar ingenting, medan andre forventar at dei stiller opp viss det trengs, og at dei er gode forbilde. Øystese meiner at sidan mange foreldre legg vekt på at fadrane er forbilde, viser det at det ikkje er likegyldig kven som er fadrar (pkt.3.1.6.1).

Når vi kom inn på kva dei forventa av fadrane uttrykker mor i foreldrepar 4 seg slik;

*Fadrane er med på å utvide vaksennettverket til ungane.....det går begge vegar; det er ei handsrekning til den personen, at vi ønsker deg inn i livet saman med barnet vårt, vi stolar på deg, vi ser på deg som ein ressurs for våre barn, og at den personen då skal føle seg knytt til vårt barn, og det gjeld no alt liksom. Det gjeld heile pakken det med at ein kanskje kan ta ungen på ein liten tur, eller merksemd på bursdagen og alle desse tinga, så eg har tenkt på det som ei utviding av vaksennettverket. (Foreldrepar 4 mor)*

Her viser mor, som eigentleg er imot å døype barna, at ho har tenkt ein del på fadderoppgåva. Naturleg nok er ho ikkje opptatt av den eksplisitt kristne biten som dåpsløftet inneber, men ho ser verdien av at fleire vaksne kan vere ein ressurs for barnet.

Far i foreldrepar 1 gir uttrykk for at han ikkje trur at fadrane til barna deira tek så alvorleg det med dåpsløftet, men han forventar at dei også viser tryggleik i møte med barna; «*Det er no stort sett det same, at dei også viser tryggleik, at dei også skal gjere dei trygg, men eg veit ikkje kor tungt dei tek oppgåva....det med fadder, det er mest stas, det er ei ære å bli spurt*» (Foreldrepar 1 far).

Mor i familien seier; «*Veit ikkje om oss forventa noko hjelp derifrå med tanke på opplæring.*» (Foreldrepar 1 mor)

Dette foreldreparet er nok talsmenn for dei fleste av mine informantar, dei forventar ikkje noko spesielt frå fadrane. Dei er klar over at det i kyrkja vert sagt kva fadrane skal gjere for fadderbarnet, dei hugsar det ikkje ordrett, men veit at det har med opplæring i den kristne trua å gjere. Ein av foreldra nemnde det å be for barnet og følgje det opp som ein del av det å vere fadder, og kanskje låg det ei viss forventning i det. Sjølv om alle foreldre kjenner hovudinnhaldet i dåpsløftet, så forventar dei ikkje nødvendigvis at fadrane skal følgje det opp. Eg ser her eit klart samsvar mellom Foreldreundersøkelsen og svara eg fekk frå informantane mine. Ingen av mine informantar nemnde noko om at fadrane skulle vere eit godt forbilde, medan det det var 59% i Foreldreundersøkelsen som la vekt på det. Er det verkeleg slik at foreldra ikkje forventar at fadrane skal følgje opp det dei lovar i dåpsløftet? Blir dette berre ord som liksom «høyrer med», men som foreldra og fadrane ikkje bryr seg om?

Undersøkingane talar nok si tydelege sak i dette spørsmålet. At fadrane skal ta ansvar for den kristne oppsedinga vert ikkje forventa av foreldra, og kanskje ville der vere mange som ville synest at det vart for mykje innblanding i oppsedinga også. Men kyrkja vil gjerne ha fadrane

på bana, korleis kan ein få til det? Der er ikkje rom for å gå vidare inn på dette her, men eg viser til masteroppgåva til Laila Larsen om foreldra sine støttespelarar i trusopplæringa der dette vert grundig tatt opp.

#### **4.5 Korleis forstår vi dåpsforpliktinga/kristen oppseding i dag?**

Dette er òg eit spørsmål eg ikkje tok opp med informantane mine direkte. Dagens foreldre legg ulike ting i kristen oppseding. Frå ei oppseding der moral, kjærleik og tryggleik er det viktigaste, til at barnet skal få eit personleg forhold til Jesus (jmf.pkt.3.1.5). Her syns eg vi kjem til rette med Mogstad sine to tolkingar der den eine er basert på ei vanleg, god oppseding bygd på skapingstanken og foreldrekallet, og den andre som er den spesifikke kristne oppsedinga der forholda blir lagt til rette for at barnet skal kome til tru.

Kyrkja har eit uttalt ansvar for dei døypte barna, men det er ikkje nødvendigvis slik at foreldra ønsker hjelp frå kyrkja. I Foreldreundersøkelsen ser vi at foreldra meiner at det er dei som har ansvar for den kristne oppsedinga, og dei har også ei formeining om at kyrkja stoler på at dei kan ta dette ansvaret (jmf.pkt.3.1.5).

*«I utgangspunktet så føle eg at vi ikkje treng så mykje hjelp for dette her.»* (Foreldrepar 2 far)  
Far gir her uttrykk for at dei ikkje treng så mykje hjelp i den kristne oppsedinga, noko som i følge Foreldreundersøkelsen ikkje er så uvanleg; foreldre føler seg i stand til å gi barna ei kristen oppseding utan så mykje hjelp frå kyrkja. Men far seier likevel at dei kan tenkje seg å gjere seg nytte av tilbodet kyrkja har, då ein kan treffe andre som har barn på same alder.  
*«Det er dette sosiale då, å få ein arena der»* (Foreldrepar 2 far).

Mor i foreldrepar 1 gir uttrykk for at ho set pris på tilboda som kyrkja har; *«Det som er fint med desse samlingane er at dei får ei forklaring på forskjellig som eg syns kan vere vanskeleg å forklare»*. Mor kjenner på at det er vanskeleg å forklare ein del ting som har med tru og kristendom å gjere, og er difor glad for at kyrkja har ulike tilbod. Eg trur det er mange foreldre som syns dette er vanskeleg, og så vert det til at dei ikkje tek opp tema om tru med barna. Foreldre er prega av tida dei lever i, så mange tenkjer annleis om tru og religion enn eldre generasjonar. Dei vurderer kristendomen ut frå mulighetene til å utrykke og leve ut sitt autentiske sjølv og er ikkje så opptatt av å slutte seg til gitte sanningar, i følge Furseth (pkt.3.1.2). Foreldre ser positivt på at det gjennom trusopplæringsreforma blir lagt vekt på oppleving, deltaking og medverknad, noko som kjem fram i Høeg og Tysnes sin rapport.

Foreldra har òg positive erfaringar og gode opplevingar knytt til estetiske praksisar og symbolhandlingar i kyrkja (jmf.pkt.1.2).

Foreldra føler seg på mange måtar forplikta til å gi barna ei kristen oppseding, men som nemnt legg dei ulike ting i det. Forpliktinga er ikkje knytt til kyrkja, men dei har eit reelt ønske om at barna skal få ei kristen oppseding. Dei konkretiserer det gjennom deltaking i søndagsskule, barnekor, markering av kristne høgtider og ved å lære boda og gjennom samarbeid kyrkje/barnehage, i følgje Foreldreundersøkelsen.

Men bryr dei seg ikkje om «læra» lenger? Det stemmer nok for mange, «læra» er ikkje så viktig lenger, eller som Repstad seier det; «*opplevelser og følelser er sterkere ankerfester for det religiøse enn kognitive overbevisninger*» (pkt.3.1.2). Men kan kyrkja og kristendomen overleve i eit samfunn der kunnskapen stadig blir dårlegare? Klarer kyrkja å skape gode nok opplevingar for barn, unge og vaksne slik at ankerfestet vert solid nok? Eg trur der er gjort mange gode grep gjennom trusopplæringsreforma, som legg vekt på tru og tradisjon i kyrkja, kristen tru i praksis, og livstolking og livsmeistring. Dette er ei breiare forståing av kva trusopplæring er enn det som var oppfatninga tidlegare. Kanskje kan dette gi impulsar til dåpsforpliktinga og den kristne oppsedinga til foreldre? Tradisjon og fornying hand i hand.

Mark Holmen (pkt.3.1.5) hevdar at heimen spelar den viktigaste rolla i barnet sitt forhold til tru. Anderson og Hill (pkt.1.2) hevdar også at det som skjer i heimen er avgjerande for barna og dei unge sitt trusliv, og at den beste trusopplæringa skjer når heim og kyrkjelyd bidreg i fellesskap. Dersom dette stemmer, noko som det er stor grunn til å tru, er det kjempeviktig for kyrkja å snakke med foreldra om det og bekrefte dei som trusopplærarar. Dette tenkjer eg er viktig både for foreldre med ei kulturell- og tradisjonsformidlande tilnærming, eller ei spesifikk kristen tilnærming. Haldningane som blir skapt på heimebane, vil barna ta med seg vidare i livet. Innanfor tilknytningsteorien snakkar ein om at det forholdet barnet har til foreldre også kan sjåast i relasjonen til Gud. Dei har to hypotesar, *korrespondent- og kompensasjonshypotesane*. I korrespondenthypotesen overfører ein tryggleiken frå tilknyttinga til foreldra til Gud. I kompensasjonshypotesen kompenserer ein med gudsrelasjonen for utrygg tilknytting til foreldra. Studie viser at trygg tilknytting er viktig også for barnet si trusutvikling (jmf.pkt.3.2.2). Men på den andre sida kan også barn som har ein utrygg oppvekst, søke til Gud for å få tryggleik i kvardagen, ein kompensasjon for utrygg tilknytting til foreldre. I pkt.4.3 drøfta eg korleis foreldre ser på dåpsløftet. Der kom det fram at sjølv om dei veit kva dåpsløftet inneber, så innrømmer dei at dei kjem til kort med mykje av det. Vi



kan vel på ein måte seie at det ligg «latent», det er ikkje aktivt framme i bevisstheita deira, men dei vil at barna skal få ei kristen oppseding. Dei er opptatt av at borna skal vere trygge, få god omsorg, få gode verdiar, lære kristne kveldsbøner og bibelforteljingar. Sidan dei er opptatt av dette, så kan kyrkja gjennom dåpssamtalen og andre samlingar vere med å bekrefte dei som trusopplærarar. Dei er det gjennom det dei allereie gjer saman med barna sine, og dei kan bli utfordra til å utvide oppsedinga gjennom til dømes enkle symbolhandlingar i heimen. Velsigning av barnet med eit enkelt korsteikn, enkle bøner som kan lesast frå bønnebøker, feiring av dåpsdag m.m.

Eg ser det slik at både den gode, «vanlege» oppsedinga og den spesifikke kristne oppsedinga kan ein sjå på som ein del av dåpsforpliktinga og den kristne oppsedinga i dag. Kyrkja ønsker sjølvsagt at den spesifikt kristne oppsedinga skal bli ein meir naturleg del av oppsedinga i heimen då det som blir gjort i heimen er det viktigaste. Difor har kyrkja ei utfordring i å formidle dette til dåpsforeldre og gi dei gode tips og oppmuntringar på vegen.

## **Kapittel 5. Oppsummering, konklusjon og utblikk**

Problemstillinga mi var denne:

Kva inneber bekreftande trusopplæring for foreldre med barn frå 0-3 år?

Eg har greidd ut om, analysert og drøfta korleis det er å vere småbarnsforeldre i dag, kva utfordringar småbarnsforeldre har, kva verdiar, grenser og vanar som er dei viktigaste for foreldre, kva som gjer at mange vel å døype barna sine og korleis dei ser på dåpsløftet og kristen oppseding. Med dette har eg prøvt å finne meir ut om korleis kyrkja kan drive foreldrebekreftande trusopplæring, spesielt for foreldre med barn frå 0-3 år.

Dagens småbarnsforeldre lever i ei tid med høgt tempo, store krav og ofte lite tid til barn og familie fordi begge foreldre gjerne går i fulltidsjobbar utanom heimen. Unnataket kan vere det første året etter at ein har fått eit barn, då ein har gode permisjonsordningar som gjer at foreldre kan velje å vere heime med barnet. Synet på religion har endra seg, og opplevingar og følelsar samt meir fokus på kva som «er bra for meg», pregar dei yngre generasjonane. Vi har òg fått eit meir pluralistisk og multikulturelt samfunn, og folk sitt syn på autoritetar og «gitte» sanningar er mindre enn før. Sidan familien er det viktigaste haldepunktet i barnet sitt liv heilt frå fødselen av, og spesielt dei første leveåra, har eg belyst dette ved å bruke tilknytningsteori, økologisk utviklingsteori og familiepedagogikk. Desse teoriane viser at det familien kan skape av tryggleik, gode vanar og verdiar vil prege barnet resten av livet.

Endringane i samfunnet til tross, storparten av medlemmane i Dnk held fast på tradisjonen om å døype barna sine. Dei døyper fordi dette er ein familietradisjon og at det er kulturelt betinga. Nokon tenkjer at det kan ikkje skade barnet å døype det, at det er ein fin seremoni, og at det vil gjere det lettare for barnet å velje sjølv seinare. Foreldre søker også til ei felles historie for familien. Dei fleste foreldre legg også ei åndeleg side i dåpen. Foreldra vil at barnet skal få ei kristen oppseding, men legg ulike ting i denne oppsedinga. Verdier, god «vanleg» folkeskikk og tryggleik er meir dominerande synspunkt enn at barnet skal få ei kristen tru og bli Guds barn. Foreldre har ikkje forventningar om at fadrar skal bidra til oppsedinga av barna, men dei ønsker at dei skal ha eit nært forhold til barnet, vere der for det og bry seg om det.

Besteforeldre er ein ressurs for mange, og spesielt bestemor bruker mykje tid på barnebarna. Nesten 2/3 av foreldra svarer i ei undersøking frå 2001 (jmf.pkt.3.1.6.2) at besteforeldre bør ha minst like mykje å seie i oppsedinga som barnehagen og skulen.

Sidan mange barn tek til i barnehage rundt eittårsalder, seier det seg sjølv at barnehagen har mykje å seie i oppsedinga av barna. Formålsparagrafen til barnehagen bygg på sentrale kristne og humanistiske grunnverdier, og kan såleis vere støttespelarar for foreldra i ei kristen oppseding. Dette har eg grunnlagt i pkt.3.1.6.3. Men ein må heile tida vere klar over at det er foreldra som har hovudansvaret for oppseding av barnet sitt.

Foreldre har tru på at dei kan klare å gi barna sine ei kristen oppseding, men mange er glad for tilbod som kyrkja og andre kristne organisasjonar har til barna. For barn i aldersfasen 0-3 år, meinte mine informantar at det var naturleg at foreldra hadde hovudansvaret. Kyrkja ønsker å spele på lag med foreldra og dei har også eit tydeleg ansvar for dei døypte barna. Korleis dette samarbeidet skal vere, er noko som kyrkjelyden og foreldre må finne ut saman. Eg ser på dåpssamtalen som ein nøkkelfaktor i denne samanheng. Her kan kyrkja bekrefte foreldra som dei beste og viktigaste trusopplærarane for barnet sitt og invitere til vidare samarbeid.

Konklusjonen på mitt primære forskingsspørsmål: «Kva inneber bekreftande trusopplæring for foreldre med barn frå 0-3 år?» må bli dette:

Kyrkja må bygge på relasjonane frå dåpssamtalen og dåpsgudstenesta og oppdatere seg på korleis foreldre i dag tenkjer om dåpen og kristen oppseding for på best mulig måte å kommunisere med foreldra. Kyrkja bør legge til rette for samlingar som bekreftar foreldra som trusopplærarar og ta på alvor at dei vil gi barna sine ei kristen oppseding. Mange foreldre vil ta godt imot gode innspel og tips frå kyrkja, men dei vil i større grad enn tidlegare vurdere om dette er nyttig for dei, og om det passar inn i ein hektisk kvardag. Difor er det nødvendig å

møte foreldre med ei open og lyttande haldning, og vise omsyn og fleksibilitet. Kor godt kyrkja klarar å møte foreldre på deira premissar, vil avgjere kor godt den vil lykkast med å bekrefte dei som trusopplærarar for barna sine.

Med bakgrunn i analysen og drøftinga i denne oppgåva, legg eg fram forslag til ulike måtar å samle foreldre og barn på som eg trur vil kommunisere godt med foreldre til barn på 0-3 år. Dette kan òg bekrefte dei som trusopplærarar:

Babysong.

Knøttesong for barn frå 1-3 år.

Middagssamlingar for familiar med kort samling for barna og «peptalk» for foreldra.

Lesestund på biblioteket. Avtale med det lokale biblioteket og samle barn og foreldre til lesestund. Ei flott anledning til å anbefale bøker og liknande til bruk i heimen.

Temakveldar med gode foredragshaldarar, gjerne frå IKO eller andre med god kompetanse. Kanskje også i samarbeid med helsestasjonen.

Kyrkjevandring for 3 åringar. Bruke eit likande opplegg som mange har for 4 åringar. Formål: Bli trygg og kjent i kyrkja. Gjerne med ei lita forteljar- og songstund.

Lesehjørne på kjøpesenteret. Ha tilbod for barna på kjøpesenteret ein dag(helst laurdag) i månaden. Møte barna(og foreldre) på ein «nøytral» plass.

Familiespeiding. Fin måte å lære om naturen og bli kjent med andre i kyrkjelyden.

Trilletreff med innlagt songpause el.likn. Gjerne i samarbeid med Frivillighetssentralen eller andre som arrangerer slike treff.

Dåpsdagsfeiring. Invitere 2 gongar i året (vår og haust, invitasjon etter når dei er døypt) til feiring av dåpsdag. Fin moglegheit til å bekrefte foreldre med tips til markering i heimen, tips til materiell m.m.

Facebookgruppe. Opprette eiga gruppe der kyrkja legg ut tips til foreldre, og der foreldre kan kommunisere og tipse kvarandre. Kyrkja sine tilsette må vere bevisste på oppdatering av gruppa og bruke den bevisst.

Blogg. Kyrkja kan opprette blogg og her er det gode muligheter, som på facebookside, å legge ut linkar til gode artiklar og liknande. Krev bevisst og målretta bruk.

Elles kan ein samarbeide med idrettslag, barnekor og andre og arrangere dagar for foreldre og barn som bygg relasjonar mellom heim, kyrkje, kor og idrettslag. Dersom ein har ressursar og tid er det i grunnen berre fantasien som kan stoppe ein i måtar å kunne drive bekräftande trusopplæring for foreldre til barn frå 0-3 år. Ein må berre finne ut kva som appellerer til dei aktuelle foreldra på dei ulike stadane. Besteforeldregrupper og faddergrupper er òg grupper som kan utfordrast på å bekræfte foreldra.

På bakgrunn av dei ulike undersøkingane som er gjort, ser vi at kyrkja har mange positive foreldre. Kyrkja si utfordring og moglegheit ligg i å bygge gode relasjonar til foreldre i dagens samfunn og bekræfte dei som trusopplærarar for barna sine!

## **Etterord**

Som ei følgje av at eg har jobba med denne oppgåva, har vi fått fortgang i prosessen med å få trusopplærarane (kateket og trusopplærar) med på dåpssamtalane. Dette ser vi som nødvendig for å bygge relasjonar til foreldre frå starten av. Vi har og kome i gong med ein prosess der vi skal jobbe fram ein liturgi/innhald meir tilpassa dåpsfamiliane i høgmesse med dåp (utanom familiegudstenestene).

## **Litteraturliste:**

Anderson, David W, og Hill, Paul: *Frosker uten bein kan ikke høre. Å nære tro i hjem og menighet*. IKO-Forlaget, Oslo: 2007

*Bibelen*, Bibelselskapet, Oslo:2011

Birkedal, Erling: *Læringsmiljø og deltakelse*. Tapir Akademisk forlag, Trondheim: 2006

Blindheim, Jorunn (red): *Gynge lite grann- babysang som trosopplæring*. Iko-forlaget, Oslo: 2010

Blindheim, Jorunn(red): *Frå babysang til skolestart, Helhetlig trosopplæring 0-6år*. Iko-forlaget AS, Oslo: 2013

Botvar, Pål Kjetil og Schmith, Ulla( red): *Religion i dagens Norge, mellom sekularisering og sakralisering*. Universitetsforlaget, Oslo, 2.opplag: 2014

Broberg , Anders m.fl.forfattarar: *Anknytningsteori. Betydelsen av nära känslomässiga relationer*. Natur och kultur: 2015

Broberg , Anders m.fl.forfattarar: *Anknytning i praktiken.Tillämpingar av anknytningsteorin*. Natur och kultur , Stockholm: 2013

Bryman, Alan: *Sosial research methods*.4.utg., Oxford University Press, Oxford: 2012

Bø, Inge: *Barnet og de andre, Nettverk som pedagogisk ressurs*. 4.utg, Universitetsforlaget, Oslo: 2012

Bø, Inge og Schiefloe, Per Morten: *Sosiale landskap og sosial kapital, Innføring i nettverkstenking*. Universitetsforlaget, Oslo: 2007

Evenshaug, Oddbjørn og Hallen, Dag: *Familiepedagogikk. Oppdragelsen hva, hvordan, hvorfor*. Ad Notam Gyldendal AS, Oslo: 1997

Evenshaug i Mogstad, S;D & Østnor,L.: *Forankring og forandring. Verdier for det nye Europa; Festskrift til Ivar Asheim på 65-års dagen den 5.aug.1992*. s 127-140, Universitetsforlaget, Oslo: 1992

Evenshaug, Oddbjørn m.fl.forfattarar: *Besteforeldreskapet i familiepedagogisk perspektiv*. Universitetet i Oslo, Rapport nr.1: 2003

Frønes, Ivar og Kjølrsrød, Lise (red.): *Det norske samfunn*. Gyldendal Akademisk, Oslo: 2005

Gjesdal Velaug,.:*Saman med denne menighet. Familien i Den norske kirkes dåpsopplæring*. Master i Kirkelig undervisning, Det teologiske Menighetsfakultet, Oslo: 2007

Glaser, Vibeke: *Profesjonalisering av barneoppdragelsen- muligheter og utfordringer for foreldre og fagpersoner*. Universitetsforlaget, Oslo: 2003

*Gud gir – vi deler*. Plan for trusopplæring i Den norske kyrkja, Kyrkjerådet, Den norske kyrkja: 2010

*Gudsteneste for Den norske kyrkja*, Eide forlag, Stavanger: 2011

Hallen, Dag i Lannem, Turid Skorpe og Hans Stifoss-Hanssen (red): *Metode, mål og mening i Den norske kirkes trosopplæringsreform*. Tapir Akademiske forlag, Trondheim: 2006

Hallen, Dag: *Hvilke forventninger har foreldre til Kirkens dåpsopplæring?* Prismet 3.årg., 52: 2001

Halås, Jan Steinar: Er foreldre å stole på som trosopplærere? i Lannem, Turid Skorpe og Hans Stifoss-Hanssen(red), *Metode, mål og mening i Den norske kirkes trosopplæringsreform*, Tapir akademisk forlag, Trondheim: 2006

Harbo, Sigmund: *Barndomserfaringer og voksentro. En religionspsykologisk undersøkelse av forholdet mellom tidlig påvirkning og senere holdning til kristendom*. Universitetsforlaget, Oslo: 1989

Holdø, Cecilie: *Dåpssamtalen mellom det hellige og alminnelige-kirkens utfordringer i møte med unge foreldre i en postmoderne tid*. Spesialavhandling i systematisk teologi, Det teologiske Menighetsfakultet: 2008

Høeg, Ida Marie m.fl.forfattarar: *Folkekirke 2000. En spørreundersøkelse blant medlemmer i Den norske kirke*. KIFO, Oslo: 2000

Høeg, Ida Marie: Barsedåp – en sterk tradisjon i et moderne samfunn i *For teologi og praksis nr.6, 30.årg.:2002*

Høeg, Ida Marie og Tysnes, Irene: *Menighetenes samvirke med hjemmet. Evalueringsforskning på trosopplæringsreformen*. Rapport 1, KIFO: 2012

Håkonsen, Lars m.fl.forfattarar: *Kontantstøtten- effekter på arbeidstilbud og inntektsfordeling*. SSB, Oslo: 2001

Johannessen, Asbjørn m.fl.forfattarar: *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. 4.utg., Abstrakt forlag, Oslo: 2010

Johannessen, Eva m.fl.forfattarar: *Rådgivning, Tradisjoner, teoretiske perspektiver og praksis*. 3.utgave, Gyldendal: 2008

Killèn, Kari: *Barn og tilknytning*. Psyke & Logos, 24: 2003

Kitterød, Ragni Hege: *Store endringer i småbarnsforeldres dagligliv*. Samfunnspeilet nr. 4-5: 2002

Kitterød, Ragni Hege: *Tid til barna? Tidsbruk og samvær med barn i kontantstøttealder*. Rapporter, SSB, Oslo: 2003

Lappegård, Trude: *Fruktbarhet og familiepolitikk*. Samfunnsspeilet nr. 6: 2001

Larsen, Laila: *Foreldra sine støttespelarar i trusopplæringa. Nettverket rundt den døypte i ljøs av sosiologisk nettverksteori*. Masteravhandling, Det teologiske Menighetsfakultet: 2010

Lovdata, Lov om barnehager, kap 1, §1 og 2, sep.2015  
[https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64/KAPITTEL\\_1#§2](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64/KAPITTEL_1#§2)

Mogstad, Sverre Dag: *Hva er kristen oppdragelse?* Prismet 55, s 86f.: 2004

NOU 2000:26: «...til et åpent liv i tro og tillit.»- Dåpsopplæring i Den norske kirke. Oslo, Norges off. utredning: 2000

Reimers, Eva: *Dopet som kult och kultur. Bilder av dopet i dopsamtal och föräldraintervjuer.* Verbum, Stockholm: 1995

Smith, Lars og Stein Erik Ulvund: *Spedbarnsalderen.* Universitetsforlaget AS, Oslo:1999

Statistisk Sentralbyrå(ssb), Dnk, Tabell 06929, Medlemmer av Dnk, Vatne sokn, mai 2014

[https://www.ssb.no/statistikkbanken/selectvarval/Define.asp?subjectcode=&ProductId=&MainTable=DNKMedlemmer&nvl=&PLanguage=0&nyTmpVar=true&CMSSubjectArea=kultur-og-fritid&KortNavnWeb=kirke\\_kostra&StatVariant=&checked=true](https://www.ssb.no/statistikkbanken/selectvarval/Define.asp?subjectcode=&ProductId=&MainTable=DNKMedlemmer&nvl=&PLanguage=0&nyTmpVar=true&CMSSubjectArea=kultur-og-fritid&KortNavnWeb=kirke_kostra&StatVariant=&checked=true)

Statistisk Sentralbyrå (ssb), befolkning, nøkkeltall, 1.juli 2015

[www.ssb.no/befolkning/nokkeltall/befolkning](http://www.ssb.no/befolkning/nokkeltall/befolkning)

Øystese, Rune: *Foreldreundersøkelsen. Dåpsopplæring i hjem og familie.* NLA-forlaget, Bergen: 2004

Østrem, Solveig: *Barns subjektskaping og det betydningsfulle tredje leddet. Erfaringer frå barnehagen som utgangspunkt for refleksjon omkring kirkens trosopplæring.* Prismet nr 3: 2007

Østrem, Solveig: *Grunnlag for kvalitet i barnehagen.* Prismet nr.1: 2010

Årsmelding Haram kyrkjelege fellesråd: 2014



## Vedlegg 1

### Intervjuguide til masteren om foreldre og trusopplæring

#### Om barn, omsorg og oppdragelse

- Eit lite barn er ei stor gåve og oppgåve. Kva er det viktigaste de vil gi barnet dykkar når dei er små?
- Trygghet og omsorg er viktig for alle barn. Korleis vil de gi barnet dykkar dette?
- Kva vaner, grenser og verdier vil de gi barnet dykkar dei første 3 åra?
- Er dette noko de vil starte med frå dei er bittesmå, eller vil de vente til barnet er blitt litt større?
- Kyrkja tenkjer at omsorg og oppseding er eit kristent kall for alle foreldre. Korleis ser de på det?
- Kva med vaner som kveldsbøn, bordskikk, bordvers, faste rutinar før legging o.l. ?
- Kva vil vere dei viktigaste vanene for barnet og for dykk?

#### Om dåp og dåps/trusopplæring

- Kva snakka de om som foreldre før de bestemte dykk for dåp?
- Kvifor valte de å døype barnet dykkar og var andre alternativ aktuelle?
- Kva syns de var den finaste opplevinga ved dåpshandlinga? Kvifor?
- Er der andre ting de huskar som ei god oppleving den dagen? (treng ikkje å ha med kyrkja å gjere)
- Kven er fadrar til barnet,- slekt og/eller vener?
- Kva la de vekt på ved val av fadrar?
- Under dåpen i gudstenesta, lovar fadrane å gjere noko for barnet,- hugsar de kva?
- Kyrkjelyden har også ansvar for dei som blir døypte,- dei har eit opplegg der dei tilbyr samlingar på kvart alderstrinn; Har de tenkt på om de vil ta med barnet dykkar på desse? Kvifor/kvifor ikkje?
- Kjenner de til nokre av tilboda, og kan de tenkje dykk å ta med barnet dykkar på noko?
- For dei yngste har vi noko vi kallar Minifest. Det er ei samling for barn frå 0-3, foreldre, fadrar og besteforeldre ein gong året. Dette er det første tilbodet vi har etter dåpen (for tida har vi ikkje babysong, noko vi gjerne skulle hatt!). Vi syng barnesongar, viser ein snutt frå ein Dvd, fortel ei forteljing frå Bibelen, har besøk av «maskoten Froskfrøken», og har med tips om kva de kan gjere heime for å gjere barna

### **Vedlegg 1 forts.**

- trygge på Gud og den kristne trua. Vi har dårleg oppslutning om desse samlingane og vi lurar på kvifor. Kva kunne de som foreldre ynskje dykk frå kyrkja?
- Kva ville barnet dykkar like å vere med på?
- De er de foreldre som har den beste muligheita til å lære barnet dykkar om Gud og de er dei beste til det fordi de er foreldra(dei næraste ). Kyrkja og de, saman med fadrane, er saman om dette. Kva tenkjer de at de som foreldre kan bidra med?
- Kva kan fadrane bidra med trur de?
- Kva tenkjer de at vi som kyrkje kan bidra med?
- Heimen og barnehagen er viktige for barnet dei første leveåra. Kan kyrkja også bli viktig for det døypte barnet? Korleis kan kyrkja bidra til at barnet vert trygg og harmonisk?
- Trur de at Minifest kan bety noko for barnet dykkar og for dykk som foreldre, korleis
- Kva med kveldsbøn, bordvers ol., er dette noko de har erfaring med sjølve, og korleis tenkjer de om desse tinga i forhold til dykkar barn?
- Kan de nokre barnesongar, og er dette noko de syng heime/ høyrer på CD saman med barnet? Kva verdi har dette for dykk og barnet dykkar i so fall?

### **Litt om dåpssamtalen**

- Hadde de nokon forventningar til kva presten ville ta opp på denne samtalen? Kva?
- Kva er det de huskar best frå dåpssamtalen?
- Var det ting de sakna som ikkje vart tatt opp?
- Var det ting som var tatt opp som de synes var uvesentleg?

### **Foreldra sin bakgrunn**

- Alder på informantane
- Kvar bor de?
- Kor lenge har de bodd her?
- Har de bodd saman lenge/vore gift lenge?
- Er de døypte begge to?
- Har de sjølve vore med på søndagsskule, barneforening, kor eller liknande då de var små?
-

## Vedlegg 2 Godkjenning frå NSD (kopi)

Heid Leganger-Krogstad Det teologiske menighetsfakultet Postboks 5144  
Majorstua 0302 OSLO

Vår dato: 13.04.2015

Vår ref: 42540 / 3 / AMS

Deres dato:

Deres ref:

### TILBAKEMELDING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 02.03.2015.  
Meldingen gjelder prosjektet:

Personvernombudet har vurdert prosjektet, og finner at behandlingen av personopplysninger vil være regulert av § 7-27 i personopplysningsforskriften. Personvernombudet tilrår at prosjektet gjennomføres.

Personvernombudets tilråding forutsetter at prosjektet gjennomføres i tråd med opplysningene gitt i meldeskjemaet, korrespondanse med ombudet, ombudets kommentarer samt personopplysningsloven og helseregisterloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, <http://www.nsd.uib.no/personvern/meldeplikt/skjema.html>. Det skal også gis melding etter tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database, <http://pvo.nsd.no/prosjekt>.

Personvernombudet vil ved prosjektets avslutning, 14.11.2015, rette en henvendelse angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen

Kontaktperson: Anne-Mette Somby tlf: 55 58 24 10 Vedlegg: Prosjektvurdering

42540 Korleis arbeide med foreldre til døypte barn frå 0-3 år i Vatne

kyrkjelyd? Behandlingsansvarlig Det teologiske menighetsfakultet, ved

institusjonens øverste leder Daglig ansvarlig Heid Leganger-Krogstad

Student Astrid Ulvestad Øygard

## **Vedlegg 2 forts.**

Personvernombudet for forskning

Prosjektvurdering - Kommentar

Prosjektnr: 42540

Utvalget informeres skriftlig om prosjektet og samtykker til deltakelse. Informasjonsskrivet mottatt 10.04.2015 er godt utformet.

Det behandles sensitive personopplysninger om religiøs oppfatning.

Personvernombudet legger til grunn at forsker etterfølger Det teologiske menighetsfakultet sine interne rutiner for datasikkerhet. Dersom personopplysninger skal lagres på privat pc/mobile enheter, bør opplysningene krypteres tilstrekkelig.

Forventet prosjektslutt er 14.11.2015. Ifølge prosjektmeldingen skal innsamlede opplysninger da anonymiseres. Anonymisering innebærer å bearbeide datamaterialet slik at ingen enkeltpersoner kan gjenkjennes. Det gjøres ved å: - slette direkte personopplysninger (som navn/koblingsnøkkel) - slette/omskrive indirekte personopplysninger (identifiserende sammenstilling av bakgrunnsopplysninger som f.eks. bosted/arbeidssted, alder og kjønn

### Vedlegg 3

Heil!

De døypte \_\_\_\_\_ i Vatne kyrkje den  
\_\_\_\_\_ 2014

..  
Håper de hadde ein flott dag!



Eg arbeider som kateket i Haram og held samtidig på med ein mastergrad i Kyrkjeleg Undervisning ved Det Teologiske Menighetsfakultetet i Oslo. I samband med masteroppgåva der eg skal skrive ei oppgåve med utgangspunkt i dåpen og opplæringa i den kristne trua som både foreldre, fadrar og kyrkjelyd har ansvar for, har eg lagt opp til ei spørjeundersøking i Vatne kyrkjelyd. Eg tek kontakt med foreldre til barn i alder 0-3 år, som er registrert døypte i Vatne kyrkje og busett i Vatne sokn. Denne informasjonen har eg fått tilgang til gjennom arbeidet mitt som kateket og eg har fått tillating frå arbeidsgjeveren min, Haram kyrkjelege fellesråd ved kyrkjevjerja, til å sende dette brevet til dykk.

I arbeidet mitt som kateket, var eg for nokre år sidan med på å starte opp noko vi kallar Minifest. Dette er ei samling for alle 1, 2 og 3 åringar med foreldre, søsken, fadrar og besteforeldre. Vi ynskjer der å gi barn og foreldre ei bekrefting og oppfølging av dåpen. Vi ynskjer også å gi inspirasjon og tips til dykk om korleis de kan følgje opp dåpen heime. Vi har hatt lita oppslutning om desse Minifestane og har lurt på kvifor. Sidan eg no er masterstudent, og skal skrive ei oppgåve relatert inn mot kyrkjeleg undervisning, har eg bestemt meg for å skrive om «Korleis skal vi arbeide med foreldre til døypte barn frå 0-3 år i Vatne kyrkjelyd?» Dette har eg kome fram til i samråd med rettleiareren min på Det teologiske Menighetsfakultetet, professor Heid Leganger-Krogstad.

Eg kan tenkje meg å ha ein samtale med dykk om dåp, opplæring og rutinar. Eg vil ta opp samtalen med dykk på band, slik at vi kan ha ein friare dialog enn om eg må ta notatar. Alle sine opplysningar vert gjort anonyme og opptaka vert sletta når eg er ferdig med oppgåva,- truleg i midten av november 2015. Opplysningane eg får, vert anonymisert slik at ingen kan identifiserast i oppgåva. Rettleiar og sensorar på oppgåva får tilgang til opplysningane, men ingen andre. Eg håper å kunne bruke resultatet av oppgåva i mitt arbeid som kateket for betre tilrettelagte tiltak i kyrkjelyden.

Det er frivillig å vere med, og det er muleg å trekkje seg undervegs, utan å måtte grunngi dette nærare. Dersom de trekkjer dykk, vil ikkje dykkar opplysningar bli tatt med i undersøkinga.

Studien er meldt til Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS.

Eg tek kontakt med dykk om nokre dagar for å spørje om de kan tenkje dykk å hjelpe meg med denne oppgåva.

Med venleg helsing

Mastergradstudent og kateket Astrid Ulvestad Øygard

## Vedlegg 4: Program for Minifest

# Minifest

Søndag 22.august 2015

1. Velkommen v/ Astrid.
2. Vi syng "Du er du og du duger2
3. Vi snakker litt om døypefonten – og vi snakkar litt om dåpen,- har med dokka med dåpskjole
4. Astrid fortel bibelhistoria om "Jesus og barna". (2.år) (1.år: Skapinga, 3.år: Jesus stiller stormen)
5. Vi syng "Om eg er liten eller stor".
6. Vi ser utdrag av "Jarle-TV,- med songen ?
7. Vi gir tips til foreldre og fadrar:
  - a. Tripp-trapp – Katrine
  - b. Biblar, dvd, cd – Astrid
  - c. Tiltaka – Katrine
8. Vi deler ut gåver:
  - a. 1-åringane får bok om skapinga
  - b. 2-åringane får Cd
  - c. 3-åringane får
9. Roleg musikk:
  - lystenning ved lysgloben
  - velsigning ved døypefonten
- 10.Vi syng for maten "Å, du som metter liten fugl".
- 11.Servering og kike på materiell.



Ill. Ella Okstad

# MINIFEST

Hugs:

Boomblaster  
Laptop  
Bøker og rekvisita  
2 x dvdar  
Cd med barnesongar  
Ballongar og pumpe  
Skattekiste  
  
Dukker/bamser  
  
Dukke med dåpskjole  
  
Gåvene

## **Vedlegg 4 forts.**

### **Om Tripp-Trapp klubben**

Og dagens beste gåvetips kjem her: Medlemskap i Tripp Trapp klubben! Du får tilbud om tre pakkar per år, men det er ikkje krav til kjøp. Pakkane er tilpassa barnet sin alder, 0-12 år. Barnet synes det er supert å få sin heilt eigen pakke i posten! Og kva er i pakkane? Bøker, dvdar og cdar med bibelfortellingar og musikk.

Tripp Trapp er supert på minst tre måtar:

- På denne måten har barnet ein unik sjanse til å bli kjent med bibelfortellingar
- Du slepp å finne ut korleis du skal lære barnet ditt om innhaldet i dåpen, du les berre frå ei koselig bok. Og vips: kvalitetstid.
- Du får gi ei gåve som er både flott å få, men også meiningsfull!

### **Tiltaka vi har**

- Vi i kyrkja har tilbud i alle aldergrupper frå 0-12 år.
- Diakonen vår har babysang og informasjon finn du på heimesida vår.
- Og i dag er det Minifest for 1,2 og 3-åringane!
- Når barnet er 4 år får det 4årsbibelen sin!
- Vi har kjempefine brosjyrer og studer gjerne og ta med heim 😊

Vi veit at det er du som er ekspert på ditt eige barn, og vi veit også at barn er ulike og likar derfor ulike ting. Vi har derfor laga ulike forslag til korleis du kan hjelpe barnet ditt til å lære om den kristne trua.

Ta fram ark med våre tips og dette kan du ta med heim!